Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato: 19.03.20255
Vår ref: 2019/1198
Dykkar dato:
Dykkar ref:

NORDHORDLAND OG GULEN INTERKOMMUNALE RENOVASJONSSELSKAP IKS
Lindåsvegen 1260
5956 HUNDVIN

Saksbehandlar, innvalstelefon
Astrid Holte, 5557 2319

Vedtak om endra løyve til avfallsanlegg for Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS (NGIR)

Vi viser til

- pålegg frå Statsforvaltaren 3. oktober 2019 om vurdering av BAT-konklusjonar
- brev frå NGIR IKS (NGIR) 10. desember 2019 og 20. november 2024 med tilbakemelding på vurdering av BAT-konklusjonar
- søknad frå NGIR 29. januar 2024 om etablering av jordvaskeanlegg
- varsel om saksbehandlingsgebyr 9. januar og 10. september 2024
- informasjon om oppdatering av løyve i tråd med BAT og regulering av alle aktivitetar i same løyve 10. september 2024
- førebels løyvetekst sendt verksemda 18. oktober 2024, møte 18. oktober 2024 og korrespondanse etter møtet
- dialog og korrespondanse elles i saka

1 Vedtak

Statsforvaltaren gir NGIR nytt løyve til forureinande verksemd. Det oppdaterte løyvet med krav og vilkår ligg vedlagt.

Løyvet gjeld frå dags dato, med unntak av den delen av løyvet som gjeld jordvaskeanlegget. Den delen som gjeld jordvaskeanlegget gjeld ikkje før det er gjort vedtak om endring av reguleringsplan slik at tiltaket er i samsvar med planen, eller at det er gitt dispensasjon frå gjeldande plan.

Statsforvaltaren har oppdatert løyvet i tråd med dei generelle BAT-konklusjonane, og gitt løyve til jordvasking som ny aktivitet. Den nye aktiviteten er vurdert som ein stor endring, og verksemda har derfor fått nytt løyve. Vilkåra for avfallsanlegget, unntatt jordvaskeanlegget er vurdert og endra der vi har vurdert at det er rimeleg og nødvendig for å redusere forureining.

Løyvet er gitt med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16 og 29.

NGIR skal betale eit gebyr for Statsforvaltaren sin saksbehandling. Gebyret er fastsett til 221 600 kroner. Vedtaket om gebyr er gjort etter forureiningsforskrifta § 39-4.

1.1 Fristar

Innan 1. mars 2026 skal NGIR

- sende oppdatert overvakingsprogram (punkt 12.1 i løyve)
- sende ein langtidsplan for vedlikehald av dekker (punkt 12.3 i løvet)
- utgreie utslepp til vatn frå avfallsanlegget unntatt deponiet (punkt 14.1 i løyve)
- utgreie handtering av ulike vasstraumar (punkt 14.2 i løyve)

Innan 1. mars 2027 skal NGIR

- etablere system for energileiing (punkt 8.1. i løyve)

Sjå også løyvet.

2 Kort om bakgrunnen for saka

BAT-oppdatering
Statsforvaltaren har oppdatert NGIR sitt løyve for å sikre at utsleppa frå bedrifta er i tråd med kva som er mogeleg å oppnå ved bruk av beste tilgjengelege teknikkar, BAT. Krav om utsleppsnivå som kan oppnåast ved bruk av BAT, følgjer av EUs industriutsleppsdirektiv (IED), som er teke inn i norsk rett gjennom forureiningsforskrifta kapittel 36.

Statsforvaltaren skal sørgje for at bedrifter med løyve til forureinande verksemd blir regulerte med utgangspunkt i kva som blir rekna som BAT i den aktuelle bransjen, med eventuelle tilhøyrande forpliktande utsleppsnivå (BAT-AEL), innan fire år etter EU har offentleggjort slike krav, jf. forureiningsforskrifta § 36-19. Krava for avfallsbehandling (Waste Treatment BREF) vart vedtekne av EU i BAT-konklusjon 10. august 2018.

NGIR har sendt inn vurdering av om anlegget er omfatta av og driv i tråd til BAT 10. desember 2019 og 20. november 2024. Vurderingar av BAT for jordvaskeanlegget er gjort i søknaden.

Søknad om jordvaskeanlegg
NGIR søker om å handsame forureina massar i vaskeanlegg for å få meir gjenvinning av massar og mindre mengder til deponi.

Anlegget vil ha kapasitet til å vaske 100 000 tonn massar per år. Det er søkt om å vaske både reine og forureina massar som er ordinært avfall.

Vaskeanlegget skal stå under tak, medan lagring av ferdig vaska massar skal skje ute på tette dekke. Det er søkt om å lagre forureina massar både under tak/på betongplate ved vaskeanlegget og ute oppå deponiet.

Jordvaskeanlegget er basert på ein våtseparasjon, der massane blir vaska med vatn, skilt frå finstoff (< 0.063 mm) og sortert til ulike lausmassefraksjonar. Forureiningar i massane vil følge vatnet og finstoffet. Ved å tilsette flokkuleringsmiddel vil finstoffet bli skilt frå vatnet, og forureina slam med finstoff blir deponert på eige deponi. Prosessvatnet skal reinsast kjemisk og

mekanisk før det igjen blir nytta i vaskeprosessen. Eventuelt søl og avrenning skal fangast opp i eit samlesystem som under jordvaskeanlegget, og vert sendt inn til vassreinseanlegget.

Jordvaskeanlegget vil ha eit eige lukka vassreinseanlegg, det skal dermed ikkje vere behov for utslepp av vatn frå vaskinga.

Oppdatering av andre punkt i løyvet
Vi har i samband med oppdatering til nytt løyve vurdert at det er rimeleg og nødvendig å endre nokre fleire krav i løyvet for å sikre optimal drift, sikre nødvendig kunnskap om forureining og tiltak for å redusere utslepp til ein sårbar resipient. Dei viktigaste punkta gjeld

- utgreiing av utslepp til vatn for å få kunnskap om forureining og kostnadar ved tiltak
- opna for å sette grenser for utslepp til vatn basert på utgreiing
- tatt ut løyve til mottak av avfall til kompostering
- oppdatert liste over prioriterte stoff

2.1 Rettsleg utgangspunkt

Forureiningslova
Når Statsforvaltaren vurderer om det skal gjevast løyve til forureinande verksemd, og eventuelt på kva vilkår, skal vi leggje vekt på forureiningsulempene ved tiltaket haldne saman med fordelar og ulemper tiltaket elles vil kunne føre til, jf. forureiningslova § 11 siste ledd. I vurderinga vil vi særleg sjå på i kva grad verksemda det er søkt om løyve til er akseptabel sett i lys av føremål og retningslinjer i §§ 1 og 2 i forureiningslova.

Naturmangfaldlova
Forvaltningsmåla i §§ 4 og 5 i naturmangfaldlova skal ligge til grunn for korleis Statsforvaltaren utøver mynde. Vidare skal prinsippa i §§ 8 til 12 om mellom anna kunnskapsgrunnlag, føre-var-tilnærming og samla belastning leggjast til grunn som retningsliner når Statsforvaltaren tek avgjerder som kan få følgjer for naturmangfaldet.

Vassforskrifta
Vassforskrifta inneheld forpliktande miljømål om at styresmaktene skal sjå til at alle vassførekomstar oppnår god kjemisk og økologisk tilstand innan 2027 med mindre det er gitt unntak med heimel i § 9 eller § 10 i forskrifta.

Avfallsforskrifta
Avfallsforskrifta har reglar for å førebyggje og redusere miljøproblem frå fleire avfallstypar og avfallsanlegg som vi må ta omsyn til når vi gjev løyve. Mellom anna er deponering av avfall regulert i kapittel 9, og handtering av farleg avfall regulert i kapittel 11.

Forureiningsforskrifta kapittel 36
EU sitt industriutsleppsdirektiv (IED) er teke inn i norsk rett i mellom anna forureiningsforskrifta kapittel 36 med vedlegg. Dette inneber at Statsforvaltaren skal sjå til at bedrifter med løyve til forureinande verksemd bruker det som vert rekna som beste tilgjengelege teknikkar (BAT) i den aktuelle bransjen og minst tilfredsstiller tilhøyrande utsleppsnivå (BAT-AEL).

Nasjonalt prioriterte stoff
Statsforvaltaren har eit mål om at utslepp av nasjonalt prioriterte stoff kontinuerleg blir reduserte (sjå vedlegg 1 i løyvet), slik at slike utslepp på sikt blir stansa.

3 Statsforvaltaren sin vurdering og grunngjeving

3.1 Grunngjeving for vedtaket

Når Statsforvaltaren vurderer om løyve til forureinande verksemd skal gis, og eventuelt på kva vilkår, skal vi leggje vekt på dei forureiningsmessige ulempene ved tiltaket jamført med dei fordeler og ulemper som tiltaket elles vil medføre. Dette inneber at Statsforvaltaren gjennomfører ei heilskapleg vurdering der både forureiningsomsyn, generelle miljøomsyn og alminnelege samfunnsmessige omsyn blir tekne med i vurderinga. I vurderinga skal det også takast omsyn til prinsipp i vassforskrifta §§ 4 – 6 og naturmangfaldslova §§ 8 – 12.

Oppdatering av vilkår i tråd med BAT-konklusjonar
EU har gjennom industriutsleppsdirektivet utarbeidd BAT-konklusjonar for avfallsbehandling. BAT-konklusjonar er ei skildring av dei beste tilgjengelege teknikkane innanfor utvalde bransjar. I tillegg er det sett forpliktande grenseverdiar, BAT-AEL (BAT-Associated Emission Levels) knytt til spesifikke typar av avfallsbehandling. Dette er utsleppsnivå som blir rekna som oppnåelege ved bruk av BAT innanfor den enkelte typen avfallsbehandling.

Vi har vurdert at NGIR etter oppdatering til nytt løyve har følgjande aktivitetar som gjer at dei er omfatta av industriutsleppsdirektivet (IED);

Mellomlagring av farleg avfall (punkt 5.5)
Løyve omfattar mellomlagring av maksimalt 100 tonn farleg avfall. Dette er over grensa på mellomlagring på 50 tonn farleg avfall, jf. forureiningsforskrifta § 36 vedlegg I, punkt 5.5, og verksemda er derfor omfatta av industriutsleppsdirektivet (IED). Det er ikkje kanaliserte utslepp til luft eller vatn frå denne aktiviteten, og ikkje behov for å sette utsleppsgrenser (BAT-AEL).

Vasking av forureina jord (punkt 5.3)
Løyvet omfattar vasking med vatn av utgrave forureina jord, som er rekna som ei fysiokjemisk behandling av avfall. Slike verksemder er omfatta av IED og BAT-konklusjonane for avfallsbehandling dersom dei har kapasitet til å sluttbehandle meir enn 50 tonn ordinært avfall per dag, jf. forureiningsforskrifta kapittel 36 vedlegg I, punkt 5.3 bokstav a punkt ii.

Føremålet med vasking av forureina jord, er å skilje ut dei minste partiklane der forureininga er bunden, slik at størstedelen av jordmassane kan gjenbrukast til andre føremål. Filterkaker bestående av forureina finstoff blir per i dag levert til sluttbehandling etter vaskeprosessen, og det er derfor mengda filterkaker, eller forureina finstoff, som blir leverte til deponi som vil vere avgjerande for om ei verksemd er omfatta av BAT-konklusjonane for avfallsbehandling eller ikkje. Basert på informasjonen i søknaden har vi vurdert at anlegget til NGIR er omfatta av IED, jf. forureiningsforskrifta 5.3.a) ii).

Kverning av impregnert trevirke (punkt 5.1 c) og d))
Løyvet omfattar aktiviteten kverning av 3000 tonn impregnert trevirke per år. Ved kverning kvar dag i 302 dagar per år utgjer dette kverning av 9,93 tonn per dag. Verksemda har i snitt dei siste 5 åra kverna 609 tonn impregnert trevirke per år. Ved kverning kvar dag i 302 dagar utgjer dette 2,2 tonn per dag. Verksemda opplyser at dette avfallet i dag vert kverna 1 til 2 gongar per veke avhengig av sesong for å holde lageret nede. Dette svarar til kverning av 5,8 til 11,7 tonn per dag det vert kverna dersom mengda var jamt fordelt. Verksemda opplyser at mengdene varierer over året, og når det er mykje trevirke kvernar dei fleire dagar i veka,

heller enn større mengder per dag for å halde mengdene på lager nede. Dei opplyser på telefon at dei ikkje har kapasitet til å ha større mengder på lager, og derfor ikkje vil kverne over 10 tonn per dag.

Prosessen fell inn under aktivitetane omtalt i forureiningsforskrifta § 36 vedlegg I, punkt 5.1 c) blanding og d) ompakking, og vi vurderer at verksemda ikkje er omfatta av industriutsleppsdirektivet (IED), da dagleg kapasitet er under grensa på 10 tonn per dag.

Forbehandling før forbrenning eller samforbrenning (punkt 5.3 b) i) og ii)
Løyvet omfattar kverning av trevirke og blanda avfall som er ordinært avfall. Verksemda har i perioden 2019-2023 i snitt kverna 26 tonn blanda avfall og 15 tonn trevirke per dag, til saman 41 tonn per dag. Maksimale mengder var 27 tonn blanda avfall og 17 tonn trevirke per dag i 2019, til saman 44 tonn per dag. Det er opplyst at dette avfallet vert kverna 6 dagar per veke. Prosessane fell inn under aktivitetane omtalt i forureiningsforskrifta § 36 vedlegg I, punkt 5.3.b)ii) forbehandling før forbrenning eller samforbrenning, men er ikkje omfatta av industriutsleppsdirektivet (IED) fordi samla dagleg kapasitet for desse to aktivitetane er under grensa på 75 tonn per dag.

Deponering
Deponering (punkt 5.4) er også omfatta, men det er til no ikkje laga BAT-konklusjonar for denne aktiviteten. Deponering er regulert i eige løyvet, og er ikkje vurdert no.

Vi har oppdatere løyvet slik at vilkåra er i samsvar med BAT-konklusjonane. Dette vil gje rammer som sikrar at bidrag til forureining og utslepp er i tråd med det som er mogleg å oppnå ved bruk av beste tilgjengelege teknikkar (BAT).

Bedrifta sin vurdering av BAT-konklusjonane 10. desember 2019 og 20. november 2024 er vurdert og tatt til orientering, og vil ligge til grunn for tilsyn og framtidig sakshandsaming. Dersom verksemda gjer endringar som kan ha følgjer for kva kategori dei fell inn under og kva for BAT-AEL er som gjeld, må de sende ei ny BAT-vurdering og eventuelt søke om endring av løyve.

Vi har gitt nytt oppdatert løyve til avfallsanlegg i Kjevikdalen på bakgrunn av at det er søkt om og gitt løyve til jordvasking og at løyvet må oppdaterast slik at BAT-konklusjonane er dekka.

Andre oppdateringar i løyvet
Vilkåra for avfallsanlegget unntatt jordvaskeanlegget er i hovudsak vidareført, dersom endring ikkje er nødvendig for å vere i tråd med BAT-konklusjonane, eller nødvendige og rimelege for å redusere forureining. Endringane er nærare omtalt i kapittel 3.2.

Planstatus
Avfallsanlegget ligg i eit område som er regulert til næringsbygningar og andre særskilt angitt bygningar og anlegg i reguleringsplanen «Kjevikdalen fyllplass, utviding». Siste versjon av plankartet er datert 09.05.2015. Søknad om endring av reguleringsplanen, mellom anna for å legge til rette for drift av jordvaskeanlegg, har vore på høyring med frist 4. februar 2025.

Alver kommune viser i sin uttale til søknad om løyve til jordvaskeanlegg til at reguleringsplanen i utgangspunktet ikkje opnar for foredling av massar, berre lagring. Kommunen vurderer at drift som omsøkt er avhengig av dispensasjon frå reguleringsplanen, men at dei i utgangspunktet er positive til ein slik dispensasjon, da dei ser miljømessige fordelar. Dei viser likevel til at dispensasjonen må behandlast før dei kan gi eit endeleg svar.

Vi har derfor vedtatt at den delen av dette løyvet som gjeld jordvaskeanlegget ikkje kan nyttast før det er gitt dispensasjon frå gjeldande plan eller at reguleringsplanen er endra slik at aktiviteten er i samsvar med planen. Dette fordi Statsforvaltaren ikkje kan gje løyve etter forureiningslova § 11 dersom dette er i strid med endelege planar etter plan- og bygningslova.

Vurdering etter vassforskrifta
Ifølge vassforskrifta § 4 skal tilstanden i overflatevatn «beskyttes mot forringelse, forbedres og gjenopprettes med sikte på at vannforekomstene skal ha minst god økologisk og god kjemisk tilstand». I samsvar med vassforskrifta sine føringar kan vi ikkje tillate utslepp som vil medføre redusert miljøtilstand i ein resipient. Sentralt i Statsforvaltaren si vurdering av utsleppssøknader er difor at utsleppa ikkje skal medføre at tilstanden i resipientane blir redusert.

Utslepp frå avfallsanlegget vert ført til Lurefjorden. Lurefjorden har dårleg kjemisk tilstand på grunn av høgt innhald av fleire PAH-sambindingar og tungmetall, og moderat økologisk tilstand. Det er behov for å redusere utslepp der dette er mogleg og rimeleg for å nå miljømåla om god økologisk og kjemisk tilstand. Avfallsanlegget er ei av kjeldene til forureininga i fjorden, både frå deponiet og avfallsanlegget elles.

Vi vurderer at krava i løyvet vil bidra til at utslepp frå eksisterande aktivitet kan reduserast og at eventuelt utslepp frå den nye aktiviteten vil vere så små at dei ikkje vil forhindre målet om å oppnå god kjemisk og økologisk tilstand etter vassforskrifta.

I det nye løyvet er det sett meir tydelege krav til kartlegging av utslepp til vatn frå den eksisterande delen av avfallsanlegget, og opna for å sette grenseverdiar for utslepp på bakgrunn av utgreiinga. Dette vil føre til betre oversikt og om mogleg redusert tilførsel av forureining til Lurefjorden frå anlegget. Ved at det vert tilført mindre vatn til reinseanlegget for deponiet, ligg det til rette for betre reinseeffekt og mindre utslepp også frå deponiet.

Det nye vaskeanlegget skal ikkje ha utslepp av vatn frå vaskeprosessen. Det er planlagt for at også avrenning frå areal for lagring av ferdig vaska massar skal resirkulerast. Det er likevel i løyvet opna for at dette vatnet (etter avrenning i 12 timar for dei finaste massane) kan førast til Lurefjorden, da det ikkje er venta at dette vatnet skal vere forureina. Det skal vere kontroll med at desse massane ikkje inneheld forureining etter at dei er vaska, og at innhald i utsleppet ikkje inneheld prioriterte miljøgifter eller for høgt innhald av suspendert stoff. Dersom kartlegging likevel viser innhald av forureining i dette vatnet, vil vi vurdere å sette grenseverdiar for dette utsleppet, eller sette krav til at også dette vatnet skal resirkulerast og ikkje kan førast til Lurefjorden.

Vurdering etter naturmangfaldlova
Lurefjorden er marint verneområde, sjå Forskrift om vern av Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde i Alver og Austrheim kommunar. Området er om lag 71 km^2 stort, og omfattar heile Lurefjorden og Lindåsosane i kommunane Alver og Austrheim. Føremålet med Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde er å ta vare på eit unikt fjord- og pollsystem med lågt oksygeninnhald, med mellom anna spesielle førekomstar av den djuptlevande kronemaneten *Periphylla periphylla* og ishavsåte *Calanus glacialis*, og ei eiga sildestamme. Det er ei målsetjing å halde verneverdiane utan større grad av ytre påverknad, og området skal kunne tene som referanseområde for forsking og overvaking. Det er registeret gytefelt for torsk og rekefelt, sjå uttale frå Fiskeridirektoratet. Området er skilt frå kystvassmassane i fjordane utanfor ved fleire tronge terskelopningar med sterke tidevasstraumar. Lurefjorden og Lindåsosane er dårleg resipient, og sårbar for forureining. All vassutskifting skjer over fire svært grunne tersklar.

I verneområdet er det forbode med utslepp av kjølevatn frå land, avløpsvatn og andre konsentrerte tilførsler av forureining, jf. § 3 i verneforskrifta. Forbodet hindrar ikkje utslepp frå eksisterande avløpsanlegg, jf. § 4j, som anlegg som var i drift før vernet var vedteke eller som har fått løyve frå forvaltningsstyresmakta.

Verneområdet, verneverdiane og verneforskrifta understrekar vurderingane etter vassforskrifta over og behovet for å redusere tilførsel av forureining frå avfallsanlegget for å ta vare på naturmangfaldet. Vi vurderer at den nye aktiviteten og oppdateringane i løyvet ikkje vil føre til endra, men heller mogleg reduserte verknadar på naturmangfald, jf. naturmangfaldlova § 8. Krava som er sett vil føre til reduserte verknadar dersom det vert sett utsleppsgrenser etter kartlegging av forureining. Vilkåra for jordvaskeanlegget er sett slik at anlegget ikkje skal tilføre forureining til resipienten.

Vår vurdering er gjort i samsvar med naturmangfaldlova § 49 om utanforliggande verksemd som kan føre til skade inn i eit verneområde. Her står det at dersom ei verksemd som treng løyve etter annan lov kan ha verknad på verneverdiane i eit verneområde, skal omsynet til desse verneverdiane leggast vekt på ved avgjerda av om løyve bør gis, og ved fastsetting av vilkår. For anna verksemd gjeld aktsemdplikta etter § 6.

Miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova er lagt til grunn for våre vurderingar over, og omsyna er ivaretatt i vilkåra.

Konklusjon
Statsforvaltaren har konkludert med at det er akseptabel å gje nytt og oppdatert løyvet sett i lys av forureiningslova sine føremål og retningsliner i §§ 1 og 2. Etter ei samla vurdering av forureiningsulempene ved verksemda samanstilte med fordelar og ulemper verksemda elles vil føre med seg, gjev vi nytt og oppdatert løyve til verksemda på nærare fastsette vilkår.

3.2 Grunngjeving for utvalde vilkår og krav

Nedanfor er det gitt forklaringar på vilkår og krav i løyvet som treng ei meir spesifikk grunngjeving.

3.2.1 Utslepp til vatn frå avfallsanlegget unntatt jordvaskeanlegget (punkt 3.2, 14.1 og 14.2 i løyvet)

Det er i gjeldande løyve sett krav til at forureina avløpsvatn frå avfallsanlegget skal reinsast i reinseanlegget for deponiet. Kravet vart fastsett før reinseanlegget vart bygd, og gjaldt frå anlegget vart sett i drift. Tilsyn med deponiet har vist at sigevassreinseanlegget vert tilført mykje vatn og at dette fører til redusert reinseeffekt og at mykje vatn går i overløp utan reinsing. Dette har etter vårt syn ført til meir forureining enn vi la til grunn da vilkåret vart fastsett.

Vi har derfor fjerna krav om å føre vatn frå avfallsanlegget via reinseanlegget for sigevatnet. Vi har i staden opna for regulering av ulike vasstraumar med grenser for utslepp til vatn på bakgrunn av utgreiingar. Verksemda har i gjeldande løyve, ikkje løyve til utslepp av prioriterte miljøgifter frå avfallsanlegget. Manglande kartlegging gjer det usikkert om dette vilkåret er oppfylt, og om det er behov for grenseverdiar for utsleppet for å redusere ulempene i resipienten. Utsleppet går til Lurefjorden som har dårleg kjemisk tilstand og moderat økologisk tilstand, og det er behov for å redusere utslepp der dette er mogleg og rimeleg.

Verksemda har frå før krav om å ha oversikt over samtlege utslepp frå anlegget og skal gjennomføre

vurderingar, og målingar der det er naudsynt, av utslepp til luft, vatn og støy til omgjevnadane. Det er særskilt krav til oversikt over overvatn og forureina avløpsvatn, inkludert vassmengder, eksisterande røyrsystem og grad av forureining, jf. punkt 13.1 i løyve frå 2017. Dette vilkåret er i liten grad følgt opp, og vi har derfor presisert og sett fristar for gjennomføring.

Vi har sett utgreiingskrav for å få meir kunnskap om forureining frå avfallsanlegget, og kostnadar med å gjennomføre eventuelle tiltak, jf. punkt 14.1 og 14.2. Dette er nødvendig for å vurdere meir presis regulering for å redusere forureining frå avfallsanlegget, inkludert regulering av ulike vasstraumar og fastsetting av grenser for fleire komponentar, jf. punkt 3.2.

3.2.2 Prosessvatn frå jordvaskeanlegget (punkt 3.3 i løyvet)

Det er ikkje tillate med utslepp til vatn frå vaskeprosessen. Vaskeprosessen har eit netto forbruk av vatn, og brukt prosessvatn skal reinsast før det blir gjenbruka i prosessen. For å sikre at prosessvatnet er tilstrekkeleg reint, har vi sett grenseverdiar for vaskevatnet som skal førast inn til vaskeanlegget for forureina massar. Det er gjort tilsvarande for andre jordvaskeanlegg i Noreg, og vi har derfor sett til grenseverdiar som er fastsette for desse, for å sikre lik handsaming av anlegga. Grenseverdiane vil også kunne brukast som ein kvalitetsindikator for å sjå at prosessen fungerer som tiltenkt. Det er også viktig at prosessvatnet er tilstrekkeleg reint sidan ein del av vatnet vil følgje med massane etter vask, og det er vanskeleg å ta prøver av dei større fraksjonane. Reinsing av vatn før gjenbruk skal utførast slik at innhaldet av forureiningar i dei reinsa materiala blir lågast mogleg og andelen med forureina avfall frå behandlingsprosessen blir lågast mogleg.

Resirkulering av vatn er beskriven i BAT 19b) som beste tilgjengelege teknikk for å optimalisere vassforbruket. For metalla arsen, krom, kobbar, kvikksølv og sink har vi sett konsentrasjonsgrenser som er lik nedre grenseverdi i BAT-AEL i BAT 20. For kadmium, bly og nikkel er det sett konsentrasjonsgrenser som er lågare enn nedre grenseverdi for BAT-AEL. Same grenseverdiane er sette for tilsvarande anlegg. For TOC har vi sett 30 mg/l som grenseverdi. Dette ligg innanfor BAT-AEL. For HOI (hydrokarbonoljeindeks, måler olje i vatn), har vi sett ein grenseverdi på 10 mg/l. Dette svarer til øvre grenseverdi i BAT-AEL. Vi kan akseptere at grenseverdien ligg i den øvre delen av BAT-AEL fordi prosessvatnet ikkje skal leiast til resipient. For suspendert stoff (SS) fastset vi ei grense på 50 mg/l, som er lik konsentrasjonsgrensa for liknande anlegg og lågare enn øvre grenseverdi i BAT-AEL på 60 mg/l.

Vi fastset ei grense for PAH-16 på 2 µg/l. Dette er basert på EQS-verdiar (miljøkvalitetsstandardar), og tilsvarande grenseverdi er sett for dei andre jordvaskeanlegga i Noreg.

Samanlikna med kva grenseverdiar som er gitt til andre vaskeanlegg har vi sett den høgare for parametrane PCB7 og benzo(a)pyren. Årsaka til dette er at grenseverdiane gitt i dei andre løyva er lågare enn rapporteringsgrensa gitt i akkrediterte analysar. Skal laboratoria analysere prøvene etter norske og internasjonale standardar så klarer dei ikkje å analysere PCB7- og benzo(a)pyrenkonsentrasjonane dersom desse er under 0,01 µg/l. Vi har dermed sett dette som grenseverdi. Tilsvarande anlegg har ei grense for PCB7 på 0,002 µg/l og 0,00017 µg/l for benzo(a)pyren.

3.2.3 Avrenning frå ferdig vaska massar (punkt 3.3.3 i løyvet)

Det er planlagt for at oppsamla avrenning frå lagring av ferdig vaska massar skal resirkulerast, men er også opna i løyvet for at dette vatnet kan førast til utslepp i resipienten, da det ikkje er venta at dette vatnet skal vere forureina av helse og miljøfarlege stoff. Vi har sett 30 mg/l suspendert stoff som grense for utslepp frå avrenning frå ferdig vaska massar. Det er også sett krav til utgreiing av

denne avrenninga i punkt 14.1, og at vi etter at denne ligg føre vil vurdere å om vi vil sette grenseverdiar for fleire parametrar. I tillegg gjeld det generelle forbodet mot utslepp av prioriterte miljøgifter i punkt 2.1. Vilkåra er sett for å sikre at drifta ved jordvaskeanlegget ikkje medfører risiko for spreiing av miljøgifter til Lurefjorden.

3.2.4 Lukt (punkt 4.2 i løyvet)

Tidlegare krav om at lukt ikkje skal føre til nemneverdig skade eller ulempe for naboar og miljø er presisert ved å sette krav til at at gjenkjennbar plagsam lukt ikkje skal overstige 1 prosent av timane i ein månad. Det nye kravet er målbart, og meir presist enn det gamle kravet. Formuleringa er i tråd med Miljødirektoratet sin rettleiar TA 3019/2013 om regulering av luktutslipp i tillatelser etter forurensningsloven, og samsvarer med det som er vanleg å sette til liknande verksemd. Det er ikkje venta at presiseringa vil få særlege konsekvensar for NGIR, da aktiviteten som er regulert i løyve ikkje normalt fører til mykje lukt, og det er god avstand til næraste nabo.

3.2.5 Spesifikt energiforbruk (punkt 8.3 i løyvet)

Det er lagt til nytt krav om utrekning og rapportering om spesifikt energiforbruk. Dette er vanleg å sette til verksemder som er omfatta av IED-krav.

3.2.6 Krav til lagring og behandling av avfall til jordvaskeanlegget (punkt 9.8 i løyve)

Det er sett krav til at lagring og behandling av avfall til jordvaskeanlegget skal skje på tett dekke og under tak. Lagring før behandling var opprinneleg planlagt dels under tak og på tett dekke, og dels på deponiområdet.

Kravet til tak og tett dekke, saman med krav til oppsamling av avrenning og reinsing for å overhalde grenseverdiar inneber at det ikkje vil vere mogleg å lagre avfall til jordvaskeanlegget oppå deponiet slik det vart er søkt om. Ved slik lagring vil det ikkje vere mogleg å samle opp og reinse utsleppet slik at det tilfredsstiller krava til BAT-AEL.

Dette er i tråd med reviderte planar og oppdatert søknad frå NGIR sendt 20. november 2024.

3.2.7 Mottak av avfall til jordvaskeanlegget (punkt 9.3 og 9.4 i løyvet)

Det er ikkje tillate å ta imot massar som er så forureina at dei blir klassifiserte som farleg avfall, jf. avfallsforskrifta kapittel 11. Det er heller ikkje tillate å ta imot massar som er forureina med PFAS på grunn av eigenskapane til desse stoffa. For å sikre at berre avfall det er gitt løyve til å handtere blir tatt imot på jordvaskeanlegget, har vi sett krav om dokumentasjon på kvar massane kjem frå og forureiningsgrad før mottak. Det skal også gjennomførast visuell kontroll av massane ved lossing, og jamlege stikkprøvekontrollar. Mottakskontrollen skal vere tilstrekkeleg til å avdekkje eventuelt ulovleg avfall og skal dokumenterast. Dersom det følgjer med anna avfall i massane, som røter, plast, metall, m.m., skal bedrifta sørgje for at dette avfallet blir fjerna frå massane, anten gjennom vaskeprosessen eller ved sortering i forkant. Kva avfall som kan tas i mot og behandlast ved anlegget er oppgitt i tabell 1 og 2 i vedlegg 2. Det er berre avfall med avfallsstoffsstoffnummer 1601, 1603 og 1604 som det er tillate å behandle i vaskeanlegget.

3.2.8 Krav til kompost (punkt 9.11 i løyvet)

Vi har tatt mottak av avfall til kompostering ut av løyvet. Verksemda driv i dag ikkje med kompostering, og har ikkje gjort det på lang tid. Vi har i dialog med verksemda oppfatta at dei heller ikkje har planar om å drive med kompostering. Verksemda har i oppdatert vurdering av om dei er omfatta av BAT ikkje rekna med avfall til kompostering.

Løyvet til lagring av eksisterande kompost er avgrensa til å gjelde fram til Statsforvaltaren har fastsett vilkår for avslutning av deponiet. Etter dette vil krav til krav til disponering av komposten bli regulert i vilkår for avslutning.

3.2.9 Behandla massar (punkt 9.17.2 i løyvet)

Før dei behandla massane kan leverast ut av anlegget for gjenbruk slik at dei erstattar jomfruelege jord- og steinmassar, skal verksemda dokumentere at massane er reine. Det vil seie at massane ikkje inneheld forureinande stoff, inkludert prioriterte miljøgifter, i høgare konsentrasjon enn det som er fastsett som normverdi i forureiningsforskrifta kapittel 2 vedlegg 1.

Vi har sett spesifikke krav til prøvetaking av vaska massar som er under 4 mm. Vi legg til grunn at for steinmassar under 4 mm kan dokumentasjon av normverdien skje ved analyse av innhald av forureining, medan det for masser over 4 mm kan dokumenterast ved at massane ikkje har synleg forureining på overflaten.

Jord blir rekna som forureina når konsentrasjonen av helse– eller miljøfarlege stoff overskrid normverdiane for forureina grunn. Eventuelt innhald av andre helse- eller miljøfarlege stoff, som det ikkje er utarbeidde normverdiar for, må også vurderast. Steinmassar kan ha forureining bunde til overflata, anten ved at steinen er tilsølt eller ved at det sit finstoff utanpå steinane som forureininga er bunden til. Potensialet for forureining må vurderast i det enkelte tilfellet. I nokre tilfelle kan utlekkingstestar, som kolonne- og ristetestar, vere aktuelt for å vurdere om steinen må reknast som forureina eller ikkje.

Det er ikkje tillate å blande masser som ikkje tilfredsstiller desse krava med massar med ein lågare forureiningsgrad for å overhalde grenseverdiane. Dette reknar Statsforvaltaren som fortynning av forureining, og er ikkje tillate. Vidare skal bedrifta, som eigar av avfallet, vurdere om dei behandla massane har slutta å vere avfall før dei kan leverast ut frå anlegget. Massane blir ikkje lenger rekna som avfall, når alle punkta 1- 5 i punkt 9.17.2 er oppfylte. Bedrifta må utarbeide eit prøvetakingsprogram som sikrar at desse krava blir overhaldne.

3.2.10 Sluttavfall/filterkaker (punkt 9.8 og 9.18 i løyvet)

Vaskeprosessen baserer seg på at forureininga er bunden til finpartiklar med diameter under 63 µm. Desse skal fjernast frå vaskeprosessen som slam ved at det blir tilsett flokkuleringsmiddel. Slammet skal pressast i ei filterpresse for å fjerne overflødig vatn, og filterkakene skal leverast til godkjent mottak som forureina masse. Dette avfallet skal lagrast på tett dekke under tak fram til det blir deponert. Vi føreset elles at avfallet blir behandla i tråd med avfallsregelverket, og at bedrifta difor basiskarakteriserer avfallet før deponering.

3.2.11 Prøveperiodar (punkt 14.3 i løyvet)

Ein stor del av massane skal gjenbrukast som reine massar etter behandling. Reinsemetoden og anlegget si evne til å reinse ulike forureiningar, inkludert oljeforureining og prioriterte miljøgifter, skal testast ut dei første månadene anlegget er i drift. Det er sett eigne vilkår for desse prøveperiodane, inkludert krav om hyppigare prøvetaking av massane.

3.2.12 Liste over prioriterte miljøgifter (Vedlegg 1 til løyvet)

Vi har oppdatert liste over prioriterte miljøgifter slik at dei samsvarer med den nasjonale lista. Oppdateringa er ledd i å nå det nasjonale målet om at utslepp av prioriterte stoff kontinuerleg blir

reduserte, slik at slike utslepp på sikt blir stansa. Dersom de har utslepp av desse stoffa, må dette regulerast spesielt og gå tydeleg fram av løyve, jf. punkt 2.1.

3.2.13 Oversikt over avfallstypar og aktivitetar (Vedlegg 2 til løyvet)

Tidlegare krav til tillatne avfallstypar, behandlingsmåtar og lagringstider og mengder er no samla i vedlegg 2. Endringa er meint å vere ei vidareføring av gjeldande rammer, men med presiseringar med avfallstoffnummer og kva avfallstypar, lagringstider, aktivitetar mv. som er meint.

Kasserte køyretøy og fritidsbåtar var tidlegare regulert med tal på båtar og køyretøy, men er no endra til tonn. Dette samsvarer med slik det er vanleg å regulere liknande verksemder i dag, og er betre tilpassa krav til registrering og årleg rapportering.

4 Saksgang

Statsforvaltaren behandlar søknader i samsvar med forureiningsforskrifta kapittel 36 *Behandling av tillatelser etter forurensningsloven.*

4.1 Førehandsvarsel og uttaler

Søknad om etablering av jordvaskeanlegg på området er førehandsvarsla i samsvar med forureiningsforskrifta § 36-5. Frist for å gi uttale var 20.05.2024. Alver kommune fekk utvida frist til å gje uttale.

Uttale frå Alver kommune
Kommunen uttaler at NGIR Kjevikdalen har ein god sentral plassering knytt til trafikkløysing og avstandar i kommunen. Dei uttaler vidare at reguleringsplanen i utgangspunktet ikkje opnar for foredling av masser, berre lagring. Dei vurderer at drift slik omsøkt er avhengig av dispensasjon i frå reguleringsplan. Kommunen er i utgangspunktet positiv til ein slik dispensasjon, da dei ser miljømessige fordelar, men at dispensasjonen må behandlast før dei kan gi eit endeleg svar.

I den samanhengen viser dei til at rekkefølgekrav om etablering av reinseanlegg før auka masselagring, mellomlagring og foredling.

Kommunen viser til at dei legg til grunn at Statsforvaltaren er kjent med sårbarheita til Lurefjorden, og spesielt Rydlandsvågen.

Dei opplyser at det kan sjå ut som det er redusert tilgjengelegheit for sløkkevatn i området, og dei ber Statsforvaltaren vurdera om det har betydning for eit reinseanlegg for massar.

Kommunen etterlyser informasjon om korleis svartelista artar blir handtert i eit slikt anlegg, og peiker på at dei har problem med fleire svartelista artar.

Uttale frå Fiskeridirektoratet
Fiskeridirektoratet opplyser at dei har registrert følgjande fiskeridata i området;
«I store delar av Lurefjorden er det registrert gytefelt for torsk. Feltet, som vart kartlagt av HI i 2019, er verdisett som eit nasjonalt viktig (A) gytefelt i medhald av kartlegging av biologisk mangfald. Fiskeridirektoratet har også registrert eit gyteområde for torsk i Kråkeosen utanfor Rydlandsvågen. Gyteområdet vart registrert i 1988 på bakgrunn av opplysningar frå lokalkjende fiskarar.

I ei djuprenne som strekk seg frå enden av Kjeviktangen mot nordvest, har Fiskeridirektoratet registrert eit rekefelt. Datasettet «Rekefelt» viser område kor det drivast eller har vore drive kommersielt fiske etter reke. Kartlaget er eit uttrekk frå datasettet "Fiskeplasser – Aktive redskap" og viser alle område kor reke inngår som ein av fangstartane.

Nesfossen Smolt AS driv produksjon av smolt av laks, aure og regnbogeaure på lokalitet 11682 Nesfossen. Anlegget er landbasert og ligg mot Kråkeosen.»

Fiskeridirektoratet uttaler at dei har særleg fokus på at drifta ved jordvaskeanlegget ikkje medfører risiko for spreiing av miljøgifter til det marine miljøet. I konklusjonen skriv dei at Fiskeridirektoratet vurderer at etablering og drift av eit jordvaskeanlegg som omsøkt ikkje vil representere vesentleg auka risiko for det marine miljøet og ressursområda som er registrert i Lurefjorden. Dei føreset at driftsprosessar og handsaming av vatn vert utført i samsvar med opplysningane som kjem fram av søknaden, og at program for overvaking vert utført og rapportert til Miljødirektoratet.

Uttale frå Asbjørn Nagel Toft
Toft er negativ til etablering av jordvaskeanlegget på dette området. Han viser til at det ikkje bør tilførast meir næringsstoff eller miljøgifter til Lurefjorden og Rydlandsvågen, som har dårleg vassutskifting. Han meiner tiltaket truleg vil vere i strid med EU sitt vassdirektiv, naturmangfaldlova og verneføremålet og forvaltningsplanen i det marine verneområdet.

4.2 NGIR sine kommentarar til høyringsuttalene

NGIR har kommentert uttalene til søknaden. I konklusjonen forsikrar NGIR at tiltaka som vert planlagt er nøye vurdert og utforma for å minimere miljøpåverknaden frå anlegget.

Kommentar til uttale frå Alver kommune
NGIR viser til at dei er fullt klar over ansvaret som følgjer med nærhet til Lurefjorden. Dei vil søke om dispensasjon frå reguleringsplanen, og opplyser at reinseanlegget det er vist til i rekkefølgebestemmelsene er etablert. Dei opplyser at dette er eit anna reinseanlegg enn det som skal etablerast på jordvaskeanlegget, og at jordvaskeanlegget sitt reinseanlegg skal ha eit lukka system. NGIR viser vidare til prosedyre for handtering av svartelista artar for å hindre spreiing. Dei viser også til at dei vil samarbeide med relevante instansar for å sikre tilstrekkeleg sløkkevatn i området.

Kommentar til uttale frå Fiskeridirektoratet
NGIR skriv at dei vil sikre at driftsprosedyrar og handtering skjer i samsvar med dei føreslåtte tiltaka for å minimere risikoen for miljøpåverknad. Dei skriv vidare at anlegget vil bli drive med eit lukka reinseanlegg, og at dei vil implementere omfattande overvakingsprogram for å kontrollere vasskvaliteten. NGIR skriv vidare at dei forpliktar seg til å følgje alle reguleringar og rapporteringskrav for å ta omsyn til miljøet og sikre at anlegget ikkje fører til auka risiko for dei registrert gytefelta og rekefelta i området.

Kommentar til uttale frå Asbjørn Nagel Toft
NGIR viser til at dei er klar ver den sårbare situasjonen i Lurefjorden og Rylandsvågen. Dei opplyser at jordvaskeanlegget vil ha eit lukke vassreinseanlegg som sikrar minimal risiko for utslepp til fjorden. Dei viser elles til at prosessane vil vere i tråd med krav i avfallsforskrifta og BAT-AEL, og at dei også vil sørge for at tiltaka er i samsvar med nasjonale og internasjonale miljøkrav, inkludert vassdirektivet og naturmangfaldlova. Dei vil også vurdere ytterlegare tiltak, og sørge for jamlege resipientgranskingar i Lurefjorden og Rylandsvågen.

5 Klagerett

NGIR og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket, inkludert gebyrsatsen. Ein eventuell klage bør innehalde ei skriftleg grunngjeving og kva de ønskjer å endre. I tillegg skal andre opplysningar som kan ha noko å seie for saka, koma fram.

Klagefristen er tre veker frå dette brevet vart motteke. Ein eventuell klage skal adresserast til Miljødirektoratet og sendast til Statsforvaltaren.

Med helsing

Sissel Storebø
seksjonsleiar

Astrid Holte
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:
1 Løyve med vilkår for NGIR avfallsanlegg i Kjevikdalen

Kopi til:

NORDHORDLAND OG GULEN IKS	Lindåsvegen 1260	5956	HUNDVIN
FISKERIDIREKTORATET	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
ALVER KOMMUNE	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Asbjørn Nagell Toft	Kubbaleitet 78	5916	Isdalstø

Statsforvaltaren i Vestland

Løyve etter forureiningslova til avfallsanlegg i Kjevikdalen

Løyvet er gitt i medhald av forureiningslova § 11, jf. §§ 16 og 29. Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar som kom fram i søknad og under saksbehandlinga. Vilkåra går fram av side 5 til og med side 28. Dette løyvedokumentet erstattar tidlegare løyve.

Dersom bedrifta ønskjer endringar i driftsforhold som kan ha noko å seie for forureininga frå verksemda og som ikkje er i samsvar med det som vart lagt til grunn då løyvet vart gitt eller sist endra, må bedrifta i god tid på førehand søkje om endring av løyvet. Bedrifta bør først kontakte Statsforvaltaren for å avklare behovet for slik endring.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er teke i bruk innan 4 år etter at løyvet er trådt i kraft, skal bedrifta sende ei utgreiing om omfanget til verksemda slik at Statsforvaltaren kan vurdere eventuelle endringar i løyvet.

Nøkkeldata

Bedrift	Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS (NGIR)
Postadresse for bedrifta	Lindåsvegen 1260, 5956 Hundvin
Org. nummer (bedrift)	974 702 568 (eigd av 856 167 402)
Næringskode og bransje	38.210 – Behandling og disponering av ikkje-farleg avfall
Kategori for verksemda [1]	5.5 og 5.3.a.ii
Stad/gateadresse	Kjevikdalen
Kommune og fylke	Alver, Vestland
Lokalisering av anlegg	UTM sone 33, aust: -31520, nord: 6763566
Gards- og bruksnummer	166/36

Statsforvaltaren sine referansar

Løyvenummer:	Anleggsnummer:	Saksnummer:
2025.0242.T	4631.0129.01, 4631.0099.01, 4631.0039.01	2019/1198

Løyve gitt første gong:	Løyve sist revidert i medhald av fl § 18 tredje ledd:	Løyve sist endra:
19.03.2025	-	-
Sissel Storebø seksjonsleiar		Astrid Holte senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

[1] Jf. forskrift om begrensning av forurensning av 06.01.2004 nr. 931 (forureiningsforskrifta) kapittel 36 om behandling av løyve etter forureiningslova.

Endringslogg

Endrings-nummer	Endringar av	Punkt	Omtale av endringar

Innhaldsliste

1 Rammevilkår 5

2 Generelle vilkår 5

2.1 Utsleppsavgrensingar 5
2.2 Plikt til å halde grenseverdiar 5
2.3 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg 6
2.4 Utskifting av utstyr og endring av utsleppspunkt 6
2.5 Plikt til førebyggjande vedlikehald 6
2.6 Tiltaksplikt ved auka forureiningsfare 6
2.7 Internkontroll 6
2.8 Kompetanse 7
2.9 Nærmiljøtiltak 7

3 Utslepp til vatn 7

3.1 Handtering av vasstraumar 7
3.2 Punktutslepp frå avfallsanlegget unntatt jordvaskeanlegget 8
3.3 Punktutslepp og krav til handtering av vatn frå jordvaskeanlegget 8
3.3.1 Grenseverdiar for avrenning frå massar før behandling 8
3.3.2 Grenseverdiar for prosessvatn som skal gjenbrukast 8
3.3.3 Avrenning frå ferdig vaska massar 9
3.4 Diffuse utslepp 9
3.5 Utsleppsreduserande tiltak 9
3.6 Utsleppspunkt 9

4 Utslepp til luft 9

4.1 Støv 9
4.2 Lukt 10
4.2.1 Luktavgrensing 10
4.2.2 Luktrisikovurdering 10

5 Grunnforureining og forureina sediment 10

6 Kjemikal 10

7 Støy og lys 11

7.1 Støy 11

8 Energi 11

8.1 Energileiing 11
8.2 Utnytting av overskotsenergi 12
8.3 Spesifikt energiforbruk 12

9 Avfall 12

9.1 Avfallsførebygging og avfallshandtering 12
9.2 Generelle krav 12
9.3 Godkjenning av avfall før mottak 12
9.3.1 Krav til dokumentasjon før mottak av massar til jordvaskeanlegget 12
9.4 Mottak av avfall 13
9.4.1 Særskilte krav til mottakskontroll for massar til jordvaskeanlegget 13
9.5 Oversikt over mottatt, lagra og behandla avfall 13
9.6 Generelle krav til handtering 13
9.7 Krav til farleg avfall 14

9.8 Krav til jordvaskeanlegget 14
9.9 Krav til blanda hushalds- og næringsavfall og matavfall 14
9.10 Krav til treflis 14
9.11 Krav til kompost 15
9.12 Krav til kasserte kjøretøy 15
9.13 Krav til kasserte fritidsbåtar 15
9.14 Krav til betong, tegl og asfalt som kan gjenbrukast 16
9.15 Krav til plastemballert restavfall 16
9.16 Krav til smittefarleg avfall 16
9.17 Vidarelevering av mottatt avfall 16
9.17.1 Gjenvinning av avfall hos annan aktør 16
9.17.2 Dokumentasjon av behandla massar 16
9.18 Eigenprodusert avfall 17

10 Deponi for eige avfall 17

11 Utsleppskontroll og rapportering til Statsforvaltaren 17

11.1 Kartlegging av utslepp 17
11.2 Utsleppskontroll 18
11.3 Kvalitetssikring av målingane 18
11.4 Program for utsleppskontroll 18
11.5 Rapportering til Statsforvalteren 19

12 Miljøovervaking 19

12.1 Overvaking av resipientar 19
12.2 Overvaking etter vassforskrifta 19
12.3 Overvaking av grunn og grunnvatn 19

13 Tiltak for førebygging og beredskap mot akutt forureining 20

13.1 Miljørisikoanalyse 20
13.2 Førebyggjande tiltak 20
13.3 Beredskap 20
13.3.1 Beredskapsanalyse 20
13.3.2 Beredskapsetablering 21
13.3.3 Beredskapsplan 21
13.3.4 Øving av beredskap 21
13.4 Varsling av akutt forureining 21

14 Undersøkingar og utgreiingar 21

14.1 Utgreie utslepp til vatn frå avfallsanlegget unntatt deponiet 21
14.2 Utgreie handtering av ulike vasstraumar frå avfallsanlegget unntatt deponiet og jordvaskeanlegget 22
14.3 Krav til utgreiing ved vasking av nye avfallstypar og typar forureining 22

15 Eigarskifte, omdanning mv. 23

16 Nedlegging 23

17 Tilsyn 24

Vedlegg 1 Liste over prioriterte miljøgifter 25

Vedlegg 2 – Oversikt over avfallstypar, aktivitetar, mengder og lagringstider 27

1 Rammevilkår

Løyvet gjeld forureining frå mottak, lagring og behandling av avfall. Tillatne avfallsfraksjonar og mengder er regulert her og i tabell 1 og 2 i vedlegg 2. Løyvet gjeld for behandling av inntil

- 54 000 tonn avfall per år (massar til jordvaskeanlegget er ikkje inkludert)
- 100 000 tonn avfall (massar) til jordvaskeanlegget per år

Samla mengde avfall på området til bedrifta skal ikkje på noko tidspunkt overstige

- 15 075 tonn avfall (massar på jordvaskeanlegget er ikkje inkludert)
- 5 550 tonn avfall (massar) på jordvaskeanlegget

Tillaten behandling av avfallet er nærmare regulert i punkt 9 og går fram av tabell 2 i vedlegg 2.

Samla mengd ferdig produkt frå jordvaskeanlegget skal ikkje på noko tidspunkt overstige 5 500 tonn.

Det er ikkje tillate å ta imot massar som er forureina med PFAS på jordvaskeanlegget.

Bedrifta er godkjent av Statsforvaltaren til å skrive ut vrakmelding. Skatteetaten betalar ut vrakpant, jf. avfallsforskrifta § 4-9.

Anlegg som miljøsanerer forbehandlar/behandlar kasserte fritidsbåtar må ha førehandsgodkjenning frå Miljødirektoratet som tilskotsmottaker, jf. Føresegner for tilskotsordning til behandling av kasserte fritidsbåtar.

Løyvet omfattar ikkje kverning av ordinært avfall med ein kapasitet på over 75 tonn per dag, jf. forureiningsforskrifta kapittel 36 vedlegg I, punkt 5.3 b), eller kverning av impregnert trevirke (farleg avfall) med ein kapasitet på over 10 tonn per dag, jf. forureiningsforskrifta § 36 vedlegg I, punkt 5.1 c) blanding og d).

2 Generelle vilkår

2.1 Utsleppsavgrensingar

Dei utsleppskomponentane frå verksemda som er forventa å ha størst verknad på miljøet, er uttrykkeleg regulerte gjennom spesifikke vilkår i dette løyvet punkt 3 til 17. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulerte på denne måten, er også omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp kom fram i samband med saksbehandlinga, eller må reknast for å ha vore kjende på annan måte då vedtaket vart gjort. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av dei prioriterte miljøgiftene oppførte i vedlegg 1. Utslepp av slike komponentar er berre omfatta av løyvet dersom dette går fram gjennom uttrykkeleg regulering i punkt 3 til 17.

2.2 Plikt til å halde grenseverdiar

Alle grenseverdiar skal haldast innanfor dei fastsette midlingstidene. Variasjonar i utsleppa innanfor dei fastsette midlingstidene skal ikkje avvike frå kva som er vanleg for den aktuelle type verksemd i ein slik grad at det kan føre til auka skade eller ulempe for miljøet.

2.3 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg

All forureining frå verksemda, medrekna utslepp til luft og vatn, støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa blir haldne innanfor dei fastsette utsleppsgrensene, pliktar bedrifta å redusere utsleppa sine, støy medrekna, så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar som det ikkje er sett uttrykkelege grenser for gjennom vilkår i punkt 3 til 17.

For produksjonsprosessar der utsleppa er proporsjonale med produksjonsmengda, skal ein eventuell reduksjon av produksjonsnivået som eit minimum føre til ein tilsvarande reduksjon i utsleppa.

2.4 Utskifting av utstyr og endring av utsleppspunkt

Ved utskifting av utstyr må det nye utstyret tilfredsstille prinsippet om bruk av beste tilgjengelege teknikkar for å motverke forureinande utslepp og annan negativ innverknad på miljøet (BAT-prinsippet), jf. punkt 2.3. Der det finst relevante BAT-konklusjonar for verksemda, skal det nye utstyret vere i samsvar med desse, jf. forureiningsforskrifta kapittel 36 vedlegg 2.

Dersom utstyr skal skiftast ut for å gjere det mogleg å oppnå tydelege utsleppsreduksjonar, skal bedrifta gi melding til Statsforvaltaren om dette i god tid før det blir teke avgjerd om val av utstyr.

Dersom bedrifta ønskjer å endre utsleppspunkt som er fastlagt i vilkår i løyvet må bedrifta søkje om løyve til dette.

2.5 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal bedrifta syte for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan ha noko å seie for utsleppa. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumenterte.

2.6 Tiltaksplikt ved auka forureiningsfare

Dersom det oppstår fare for auka forureining skal verksemda så langt det er mogleg utan urimelege kostnader sette i verk tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren. Om nødvendig må verksemda redusere eller innstille drifta.

Bedrifta skal så snart som mogleg informere Statsforvaltaren om forhold som kan føre til vesentleg auka forureining eller forureiningsfare. Akutt forureining skal varslast i samsvar med punkt 13.4.

2.7 Internkontroll

Bedrifta pliktar å etablere internkontroll for verksemda si i samsvar med gjeldande forskrift [2]. Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at verksemda held krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrollova og relevante forskrifter til desse lovene. Bedrifta pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

[2] Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften) av 06.12.1996, nr. 1127

Bedrifta skal til ei kvar tid ha oversikt over alle forhold som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risikoforhold. Plikt til å gjennomføre risikoanalyse med omsyn til *akutt* forureining følgjer av punkt 13.1.

Oversikt over leidningsnett, kummar, tankar, oljeutskiljarar, utslepp- og prøvetakingspunkt og liknande skal vere dokumentert.

2.8 Kompetanse

Bedriften skal i den daglege drifta råde over dokumentert kompetanse på minimum bachelornivå med kjemi, biologi, fysikk eller andre relevante fagdisiplinar. Dokumentert realkompetanse kan i enkelte tilfelle, og etter en konkret vurdering, kompensere for manglande formell kompetanse. Bedriften må kunne dokumentere at personen(e) med kompetanse er til stades på anlegget ofte nok til å kunne avdekke og følge opp utfordringar som oppstår i den daglege drifta. Dette inneber mellom anna at den skal ha god oversikt over aktivitetane på anlegget for raskt å kunne ta tak i problem og hindre at miljøfarlege situasjonar oppstår.

Alle som handterer farleg avfall i bedriften skal ha dokumentert opplæring i slik handtering.

Bedriften skal dagleg ha tilstrekkeleg kompetanse på anlegget til å kunne vurdere verksemda si miljørisiko og gjennomføre forbetringstiltak for å sikre at verksemda driv i tråd med løyvet og anna regelverk.

2.9 Nærmiljøtiltak

Bedriften skal ha driftsrutinar som sikrar at nærmiljøulemper som følgje av avfallshandteringa vert redusert til eit minimum. Flygeavfall skal avgrensast mest mogleg. Bedriften må rydde opp avfall som endar opp utanfor anlegget.

3 Utslepp til vatn

3.1 Handtering av vasstraumar

Reint overvatn skal førast vekk slik at dette ikkje kjem i kontakt med avfall. Takvatn skal førast utanom avfallsanlegget eller nyttast som prosessvatn. Reint overvatn frå utearealet til verksemda skal handterast slik at det ikkje fører til skade eller ulempe for miljøet.

Vatn som har vore i kontakt med avfall eller på annan måte har blitt tilført forureining skal reknast som forureina. Forureina vatn skal samlast opp og leiast til eigna reinseeining.

Utslepp til vatn frå innandørs avfallshandtering er ikkje tillate. Eventuell avrenning skal samlast opp, handterast og klassifiserast som avfall.

Krav til eventuelt utslepp frå lagring av kompost er omtalt punkt 9.11. Det er ikkje tillate å sleppe ut anna forureina avløpsvatn til grunn, bekk, overvassystemet eller gjennom deponiet.

Eventuelt vatn forureina med olje skal reinsast tilfredsstillande i oljeutskiljar eller tilsvarande reinseeining. Overvatn frå uteområde med tett dekke for kasserte køyretøy skal vere kopla til sandfang og oljeutskiljar.

3.2 Punktutslepp frå avfallsanlegget unntatt jordvaskeanlegget

Eventuelt vatn forureina med olje skal overhalde grenseverdiane i tabell 3.1 før utslepp.

Tabell 3.1: Grenseverdiar for utslepp av komponentar med krav om målingar, jf. punkt 11.2

Kjelde	Komponent	Konsentrasjonsgrense
Reinseeining for oljehaldig avløpsvatn	Olje	5 mg/l

Ei meir presis, og eventuelt også strengare regulering, inkludert regulering av ulike vasstraumar og fastsetting av grenser for fleire komponentar, vil bli vurdert med grunnlag i utgreiing som bedrifta i samsvar med punkt 14.1 og 14.2 skal sende til Statsforvaltaren.

3.3 Punktutslepp og krav til handtering av vatn frå jordvaskeanlegget

3.3.1 Grenseverdiar for avrenning frå massar før behandling

Avrenning frå massar som skal til handsaming i vaskeanlegget skal samlast opp. Alt oppsamla vatn skal reinsast i reinseanlegget og overhalde grenseverdiar i Tabell 3.2 før det blir nytta som prosessvatn.

3.3.2 Grenseverdiar for prosessvatn som skal gjenbrukast

Vatn som skal bli brukt til vasking av massar blir rekna som prosessvatn. Dersom prosessvatn etter reinsing overheld grenseverdiane i Tabell 3.2, skal det sirkulerast inn i prosessen igjen. Mengden vann inn til renseanlegget må måles kontinuerlig.

Det er ikkje tillate å sleppe ut prosessvatn i resipient. Prosessvatn som ikkje overheld grenseverdiane i Tabell 3. må leverast til godkjent anlegg.

Tabell 3.2: Grenseverdiar for komponentar med krav om målingar.

Kjelde	Komponent	**Grenseverdiar**[3] (mg/l) (Midlingstid = 24 timar)
Prosessvatn	TOC	30
	Suspendert stoff	50
	Olje	10
	Arsen	0,01
	Kadmium	0,005
	Krom	0,01
	Kobber	0,05
	Bly	0,01
	Nikkel	0,02
	Sink	0,1
	Kvikksølv	0,0005
	PAH16	0,002
	PCB7	0,00001
	Benzo(a)pyren	0,00001
	Etylbenzen	0,01
	Toluen	0,0074
	Xylen	0,01
	PFAS	0,0001

[3] Grenseverdiane gjeld for utfortynna prosessvatn og ved normal drift

3.3.3 Avrenning frå ferdig vaska massar

Avrenning frå massar som er ferdig vaska skal samlast opp. Vatn frå midlertidig lagring av massar som er mindre enn 4 mm i haugar direkte frå transportband skal nyttast som prosessvatn.

Vatn frå lagring av ferdig vaska massar over 4 mm i haugar direkte frå transportband og massar under 4 mm etter flytting til permanent lager kan nyttast som prosessvatn. Alternativt kan dette oppsamla vatnet førast til Lurefjorden dersom det tilfredsstiller grenseverdiane i 3.3 og ikkje er forureina med prioriterte stoff, jf. vedlegg 1. Ei meir presis, og eventuelt også strengare regulering, inkludert vurdering av krav til at alt vatn skal resirkulerast og ikkje kan førast til Lurefjorden, vil bli gjennomført med grunnlag i utgreiing som bedrifta i samsvar med punkt 14.1 skal sende til Statsforvaltaren.

Tabell 3.3: Grenseverdi for komponentar med krav om målingar

Kjelde	**Komponent**	**Utsleppsgrenser** Konsentrasjon (mg/l)
Avrenning frå massar som er ferdig vaska	Suspendert stoff (SS)	30

3.4 Diffuse utslepp

Verksemda skal ikkje ha diffuse utslepp til vatn.

3.5 Utsleppsreduserande tiltak

Reingjering av dekke, golv, konteinarar og anna utstyr skal i størst mogleg grad utførast ved bruk av tørre metodar.

3.6 Utsleppspunkt

Forureina avløpsvatn frå avfallsanlegget unntatt jordvaskeanlegget skal etter reinsing førast ut i Lurefjorden på minst 30 meters djup på ein slik måte at innblandinga i vassmassane blir best mogleg.

Vatn frå lagerområde for ferdig vaska massar ved jordvaskeanlegget som ikkje vert resirkulert skal etter reinsing førast til Lurefjorden på minst 30 meters djup på ein slik måte at innblandinga i vassmassane blir best mogleg.

4 Utslepp til luft

4.1 Støv

Verksemda skal drive slik at støv ikkje fører til nemneverdig skade eller ulempe for naboar og miljø.
Verksemda skal gjennomføre effektive tiltak for å hindre støvutslepp frå all støvande aktivitet.
Det skal lagast planar for å førebygge og hindre støv. Planane skal baserast på risikovurdering, jf. punkt 13.1. Ved spesielle vêr- eller driftsforhold som fører til auka risiko for støvflukt, skal det om nødvendig setjast i verk ekstra tiltak.

4.2 Lukt

4.2.1 Luktavgrensing

Verksemda skal drivast slik at luktulemper i omgivnadane blir avgrensa mest mogleg. Frekvensen av gjenkjennbar plagsam lukt ved omkringliggande bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar skal ikkje overstige 1 prosent av timane i ein månad.

4.2.2 Luktrisikovurdering

Det skal gjennomførast ei luktrisikovurdering i tråd med anbefalingane i vedlegg 3 i Miljødirektoratet si rettleiing *TA 3019/2013 Regulering av luktutslipp i tillatelser etter forurensningsloven.* Ved modifikasjonar og endra produksjonsforhold skal luktrisikovurderinga oppdaterast.

5 Grunnforureining og forureina sediment

Verksemda skal ikkje føre til utslepp til grunn eller grunnvatn som kan føre til skader eller ulemper for miljøet.

Bedrifta pliktar å gjennomføre førebyggjande tiltak som skal hindre utslepp til grunn og grunnvatn. Bedrifta pliktar vidare å gjennomføre tiltak som er eigna for å avgrense verknaden på miljøet av eit eventuelt utslepp til grunn eller grunnvatn. Utstyr og tiltak som skal hindre utslepp til grunn og grunnvatn, eller hindre at eventuelle utslepp fører til skade eller ulempe for miljøet, skal overvakast og haldast ved like regelmessig. Denne plikta gjeld tiltak som står i eit rimeleg forhold til dei skadar og ulemper som skal hindrast.

Bedrifta pliktar å halde løpande oversikt over både eventuell eksisterande forureina grunn på verksemdsområdet og eventuell forureina sediment utanfor. Det same gjeld faren for spreiing, og om det er trong for undersøkingar og tiltak. Dersom det er nødvendig å setje i verk undersøkingar eller andre tiltak, skal Statsforvaltaren varslast om dette.

Terrenginngrep som kan føre til fare for at forureining i grunnen spreier seg, må ha godkjend tiltaksplan etter forureiningsforskrifta kapittel 2[4], og eventuelt løyve etter forureiningslova.

Ved endeleg nedlegging av verksemda, skal verksemda vurdere forureiningstilstanden i grunn og grunnvatn med omsyn til mogleg forureining av relevante farlege stoff som er brukte, framstilte eller slepte ut ved verksemda og sette i verk dei tiltaka som følgjer av forureiningslova § 7 og § 20. Plan for tiltak skal sendast Statsforvaltaren. Statsforvaltaren kan setje ytterlegare krav med heimel i forureiningslova. Sjå også punkt 16.

6 Kjemikal

Med kjemikal meiner vi her kjemiske stoff og stoffblandingar som blir brukte i verksemda, både som råstoff i prosess og som hjelpekjemikal. Slike kjemikal kan til dømes vere groehindrande middel, vaskemiddel, hydraulikkvæsker og middel brukte for å hindre brann.

[4] Jf. forurensningsforskriften kapittel 2 om opprydding i forureina grunn ved bygge- og gravearbeid

For kjemikal som blir brukte på ein slik måte at det kan føre til fare for forureining, skal bedrifta dokumentere at det er gjort ei vurdering av helse- og miljøeigenskapane til kjemikala på bakgrunn av testing eller annan relevant dokumentasjon, jf. også punkt 2.7 om internkontroll.

Bedrifta pliktar å etablere eit dokumentert system for substitusjon av kjemikal. Bedrifta skal gjere ei kontinuerleg vurdering av faren for skadelege effektar på helse og miljø valda av dei kjemikala som blir brukte, og av om alternativ finst. Skadelege effektar knytte til produksjon, bruk og endeleg disponering av produktet, skal vurderast. Der betre alternativ finst, pliktar bedrifta å bruke desse så langt dette kan gå føre seg utan urimeleg kostnad eller ulempe.[5]

Stoff åleine, i stoffblandingar og/eller i produkt, skal ikkje framstillast og seljast, eller bli brukte utan at dei oppfyller krava i REACH-regelverket[6] og andre regelverk som gjeld for kjemikal.

7 Støy og lys

7.1 Støy

Verksemdas bidrag til utandørs støy ved omkringliggande bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar skal ikkje overskride følgjande grenser, målt eller rekna ut som innfallande lydtrykknivå ved mest støyutsette fasade:

Dag (kl. 07-19) $L_{pAekv12h}$	**Kveld (kl. 19-23)** $L_{pAekv4h}$	**Laurdag (kl. 07-23)** $L_{pAekv16h}$	**Sun-/heilagdagar (kl. 07-23)** $L_{pAekv16h}$	**Natt (kl. 23-07)** $L_{pAekv8h}$	**Natt (kl. 23-07)** L_{AFmax}
55 dB(A)	50 dB(A)	50 dB(A)	50 dB(A)	45 dB(A)	60 dB(A)

LpAeqT er A-vega gjennomsnittsnivå (dBA) midla over driftstid der T angir midlingstida i tal på timar.
LAFmax, som er gjennomsnittleg A-vega maksimalnivå for dei 5-10 mest støyande hendingane i perioden med tidskonstant "Fast" på 125 ms.

Støygrensene gjeld ikkje for busetnad nemnd ovanfor type som er etablert etter at støygrensene tredde i kraft.

Alle støygrenser skal haldast innanfor alle driftsdøgn. Støygrensene gjeld all støy frå verksemda, inkludert intern transport på verksemda sitt område samt lossing/lasting av råvarer og produkt. Støy frå mellombels bygg- og anleggsverksemd og frå persontransport av tilsette til og frå verksemda sitt område er likevel ikkje omfatta av grensene.

8 Energi

8.1 Energileiing

Bedrifta skal ha eit system for energileiing for verksemda for kontinuerleg, systematisk og målretta vurdering av tiltak som kan setjast i verk for å oppnå mest mogleg energieffektiv produksjon og drift. Systemet for energileiing skal inngå i internkontrollen til bedrifta, jf. vilkår 2.7 og følgje prinsippa og metodane gitt i Norsk Standard for energileiing.

[5] Jf. lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrollova) av 11.06.1979, nr. 79, om substitusjonsplikt § 3a
[6] Forskrift om registrering, vurdering, godkjenning og begrensing av kjemikalier (REACH-forskriften) av 30. mai 2008, nr. 516

Systemet skal vere etablert innan 1. mars 2027.

8.2 Utnytting av overskotsenergi

Bedrifta skal i størst mogleg grad utnytte overskotsenergi frå eksisterande og nye anlegg internt. Verksemda skal også gjennom tiltak på eige verksemdsområde leggje til rette for at overskotsenergi skal kunne nyttast eksternt, med mindre verksemda kan godtgjere at dette ikkje er teknisk eller økonomisk mogleg.

8.3 Spesifikt energiforbruk

Verksemda skal berekne spesifikt energiforbruk og rapportere dette årleg, jf. punkt 11.5.

9 Avfall

9.1 Avfallsførebygging og avfallshandtering

Bedriften skal sørge for følgjande prioriteringsrekkefølge for verksemda sin avfallsførebygging og avfallshandtering:

a) førebygging,
b) førebuing til ombruk,
c) materialgjenvinning,
d) anna gjenvinning, t.d. energiutnytting,
e) sluttbehandling.

Bedriften kan fravike prioritetsrekkefølgja i første ledd dersom ei avveging av miljøomsyn, ressursomsyn, omsyn til menneske si helse, teknisk gjennomførbarhet og økonomiske forhold viser at det er rett.

Bedriften skal dokumentere kva vurderingar og tiltak som er gjennomførte for å følgje prioriteringane i første ledd. Dokumentasjonen skal takast vare på i minst 5 år og vere tilgjengeleg ved kontroll eller om Statsforvaltaren ber om det.

For nokre avfallstypar er det særskilte krav til materialgjenvinning i avfallsforskrifta kapittel 10a.

9.2 Generelle krav

Det er ikkje tillate å uttynne eller blande avfallet i den hensikt å oppfylle kriteria for mottak.

9.3 Godkjenning av avfall før mottak

Før mottak av avfall må bedriften sikre at dei har tilstrekkeleg informasjon om avfallet sitt opphav og innhald. Informasjon og dokumentasjonen skal tilpassast avfallet sitt forureiningspotensiale. Før mottak av ein avfallstype skal bedriften ha gjennomført risikovurdering for handtering av den aktuelle avfallstypen på anlegget, og den vidare handteringa på anlegget må basere seg på denne. Risikovurderinga skal også omfatte spreiing av framande skadelege artar.

9.3.1 Krav til dokumentasjon før mottak av massar til jordvaskeanlegget

Bedriften skal ha ei risikobasert prosedyre for vurdering av mottak av massar. Bedriften må før dei tar imot massar vurdere om det er eigna for behandling i bedriften sitt anlegg. Vurderinga skal vere basert på tidlegare erfart reinseeffekt for det aktuelle avfallet.

Massane skal vere undersøkt for innhald av relevante forureinande stoff før avfallet tas imot. Det må tas eit tilstrekkeleg tal prøvar til at desse er representative. Rapport som omtaler staden der massene blei tatt ut, inkludert beskrivelse av variasjonen i forurensningsnivå, må følge med som ein del av dokumentasjonen.

Dokumentasjon skal sendast på førehand. Dokumentasjon på mottatte massar skal oppbevarast i minst 3 år.

9.4 Mottak av avfall

Alt avfall som blir tatt i mot ved anlegget skal registrerast over vekt med avfallskode etter Norsk Standard. Avfallet skal kontrollerast. Avvik i mottakskontrollen skal registrerast og verksemda skal ha system og rutinar for å følgje opp avvik og hindre gjentaking.

Bedriften skal ha tilstrekkelege rutinar som sikrar at det berre tas imot avfall som det er gitt løyve til å handtere på anlegget. Ulovleg avfall som likevel er kome inn i anlegget skal registrerast som avvik og leverast vidare til lovleg avfallsanlegg med nødvendig løyve så snart som mogleg. Bedriften skal loggføre mottakskontrollen og avvik som blir oppdaga. Denne loggen skal kunne leggast fram på førespurnad.

Bedriften skal informere kundar om kva avfall og fraksjonar som er tillate å levere til anlegget, inkludert kva forbehandling det er krav til.

9.4.1 Særskilte krav til mottakskontroll for massar til jordvaskeanlegget

Det skal gjennomførast visuell kontroll av kvar last. Bedriften skal ta eigne stikkprøvar for å vurdere forureiningsgrad av mottatt avfall. Frekvens for stikkprøvetaking skal fastsettast etter at det er gjennomført prøveperiodar, jf. punkt 14.3.

9.5 Oversikt over mottatt, lagra og behandla avfall

Bedrifta skal ha eit system for å dokumentere alle nødvendige opplysningar for opphav, forureiningsgrad, mottak, lagring, behandling og vidarelevering av avfall. Ved prøvetaking av avfallet skal analyserapportar inngå i systemet. Opplysningar om mengde avfall på lager til ei kvar tid, lagringstid og om behandla mengd avfall skal dokumenterast. Opplysningane skal vere lett tilgjengeleg ved inspeksjon. Dei skal oppbevarast i minst 3 år. Opplysningane inngår i eigenkontrollrapporteringa, jf. punkt 11.5.

9.6 Generelle krav til handtering[7]

a. All handtering av avfall skal vere basert på ei risikovurdering, jf. punkt 2.7 Internkontroll og punkt 13 Førebyggande og beredskapsmessige tiltak mot akutt forureining.
b. Bedrifta skal ha kart der det går fram kvar ulike typar avfall er lagra.
c. Avfallsanlegget skal vere sikra slik at uvedkommande ikkje får tilgang. Lagra avfall skal vere merka slik at det går fram kva som er lagra.
d. Avfall som ved samanblanding kan gi fare for brann, eksplosjon eller danning av farlege stoff, skal lagrast med nødvendig avstand.
e. Avfall av ulik type og forureiningsgrad skal ikkje blandast saman dersom dette kan føre til fare for forureining, eller skape problem for den vidare handteringa av avfallet.

[7] Ei fellesnemning for mottak, gjenvinning og sluttbehandling, under dette førebuing til og lagring i påvente av gjenvinning eller sluttbehandling..

f. Behandling og handtering, inkludert lagring, av avfallstypar/-aktivitetar utan særskilte krav til dekke, og som kan føre til fare for avrenning, skal minst gå føre seg på fast dekke. Dersom risikovurderinga viser at det er naudsynt, skal behandling og handtering, inkludert lagring, likevel skje på tett dekke.
g. Behandling og handtering, inkludert lagring av avfallstypar/-aktivitetar utan særskilte krav til skjerming, og som kan føre til fare for lukt, støv, forureina avrenning, samling av fugl, flygeavfall eller anna forureining, skal gå føre seg innandørs (bygning med fire vegger og tak) eller lukka konteinarar. Verksemda kan velje anna vern eller utføre tiltak for å hindre fare for nemnde forureiningar viss miljørisikovurderinga viser at dette gjev like låg risiko og elles er innanfor krava i løyvet.
h. Verksemda skal gjennomføre nødvendige tiltak for å hindre spreiing og etablering av framande skadelege artar. Risikoen for spreiing av framande skadelege artar skal inngå i miljørisikovurderinga, jf. www.artsdatabanken.no.

9.7 Krav til farleg avfall

For mottak og lagring av farleg avfall gjeld krava i avfallsforskrifta kapittel 11, vedlegg 4 Minimumskrav til anlegg for mottak og mellomlagring av farleg avfall, i tillegg til krava i dette løyvet.

Tanklagring skal skje i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 18.

I tillegg gjeld følgjande:

a) Farleg avfall skal lagrast innandørs og på fast, ugjennomtrengeleg og tilstrekkeleg slitesterkt dekke for dei aktuelle material/avfallstypar med oppsamling av eventuell avrenning. Annan lagringsmåte kan benyttast dersom den ansvarlege for verksemda kan dokumentere at den valgte lagringsmåten gir minst like låg risiko og like godt miljøvern.
b) Impregnert trevirke skal kvernast i ei saktegåande kvern skjerma for vêr og vind og på tett dekke. Behandling og omlasting av impregnert trevirke skal ikkje føre til spreiing av støv til omgjevnadane. Vatn skal brukast med forsiktigheit som støvdempande tiltak på grunn av fare for avrenning av impregneringsmiddel. Verksemda må innarbeide rutinar for reingjering etter kverning av impregnert trevirke. Avfall frå reingjering (oppsop) skal handterast som farleg avfall.

9.8 Krav til jordvaskeanlegget

a) Alle forureina massar < 90 mm skal vaskast. Massar > 90 mm skal leverast til godkjent mottak dersom dei har forureining bunden til overflata.
b) Lagring og behandling av avfall skal skje på tett dekke og under tak.
c) Massar som har opphøyrt å vere avfall, skal lagrast på minimum fast dekke og adskilt frå avfall. Massar som er mindre enn 4 mm skal lagrast under tak i minst 12 timar for avrenning.

9.9 Krav til blanda hushalds- og næringsavfall og matavfall

Behandling og handtering, inkludert lagring skal gå føre seg på tett dekke og innandørs (bygning med fire vegger og tak) eller lukka konteinarar. Anna type dekke kan nyttast viss verksemda kan dokumentere at det valde dekke gir minst like låg risiko og like godt miljøvern.

9.10 Krav til treflis

Omlasting, behandling og lagring skal som eit minimum gå føre seg under tak og skjerma for vêr og vind.

9.11 Krav til kompost

Løyve til lagring kompost gjeld inntil Statsforvaltaren har fastsett vilkår for avslutning av deponiet.

Eksisterande kompost skal lagrast på ein slik måte at ein har oversikt over lagringstid, mengde og kvalitet, inkludert innhald av forureining og framandlegeme. Eventuelt forureina avløpsvatn frå lagring av ferdig kompost kan samlast opp saman med sigevatn frå deponiet.

9.12 Krav til kasserte kjøretøy

For mottaks- og behandlingsanlegg for kasserte køyretøy gjeld krava i avfallsforskrifta § 4-7 i tillegg til krava i dette løyvet.

Behandling og handtering, inkludert lagring av kasserte kjørtetøy skal gå føre seg på tett dekke. Anna lagringsmåte kan nyttast viss verksemda kan dokumentere at den valde lagringsmåten gir minst like låg risiko og like godt miljøvern.

Følgjande skal uansett gå føre seg på tett dekke:

- Lagring av skadde køyretøy, fritidsbåtar eller andre køyretøy med fare for lekkasje
- Miljøsanering (fjerning/tapping av miljøfarleg avfall frå vraka)
- Oppstilling av sanerte køyretøy
- Pressing
- Oppstilling av pressa køyretøy

Miljøsanering av kasserte køyretøy skal minst følgje krava i avfallsforskrifta kapittel 4, vedlegg 1 om kasserte køyretøy.

Kasserte køyretøy skal miljøsanerast så snart som mogeleg etter mottak, og batteri skal takast ut Miljøsanering skal som eit minimum gå føre seg under tak og skjerma for vêr og vind.

Ferdigsanerte køyretøy skal korttidslagrast på tappeplassen for at eventuell væske som er igjen i bilen kan drype av.

9.13 Krav til kasserte fritidsbåtar

Behandling og handtering, inkludert lagring av kasserte fritidsbåtar skal gå føre seg på tett dekke.

Anna lagringsmåte kan nyttast viss verksemda kan dokumentere at den valde lagringsmåten gir minst like låg risiko og like godt miljøvern.

Miljøsanering av kasserte fritidsbåtar skal som eit minimum lagrast/gå føre seg under tak og skjerma for vêr og vind.

Båtar med marin begroing eller som er ekstra skitne utvendig eller innvendig skal gjerast rein i tett avløpsfri vaskekonteiner. Det er ikkje tillate å sleppe dette forureina vatnet til sjø.

Følgjande material, blandingar og komponentar skal fjernast manuelt som eit første trinn i behandlingsprosessen, med mindre det kan dokumenterast minst like god miljømessig forsvarleg behandling ved ein mekanisk, kjemisk eller metallurgisk prosess:

- batteri og tankar for flytande gass
- oljefiltre
- drivstoff, olje og alle andre væsker som inneheld farlege stoff
- kvikksølvhaldige komponentar
- elektriske og elektroniske komponentar
- septiktankar

Verksemda skal vurdere om båtane inneheld andre material, blandingar og komponentar som er farleg avfall. Material, blandingar og komponentar, som er farleg avfall eller radioaktivt avfall, skal fjernast frå båten og handterast i samsvar med avfallsforskrifta kapittel 11 og 16.

9.14 Krav til betong, tegl og asfalt som kan gjenbrukast

Betong og tegl som tilfredsstiller krav til bruk i avfallsforskrifta kap. 14 og asfalt utan tjære skal minst lagrast på køyresterkt dekke. Området må vere godt drenert og avrenning må i størst mogleg grad samlast opp.

9.15 Krav til plastemballert restavfall

Verksemda må ha rutinar for å avdekke hol på emballasjen og ved behov må ballane tettast eller omemballerast.

9.16 Krav til smittefarleg avfall

Statsforvaltaren har gitt dispensasjon frå forskrift om smittefarleg avfall frå helsetjeneste og dyrehelsetjeneste i brev av 19. mai 2017.

Smittefarleg avfall må lagrast i særskilt merkt emballasje og skild frå anna avfall.

9.17 Vidarelevering av mottatt avfall

Vidarelevering av avfall skal skje innanfor rammene av forureiningslova, jf. §§ 7 og 32.

For annan disponering enn vidarelevering til lovleg avfallsmottak, må bedriften dokumentere at kriteria for avfallsfasens opphøyr, jf. forureiningslova § 27, er oppfylte.

9.17.1 Gjenvinning av avfall hos annan aktør

Dersom avfall vert bragt til annan aktør for gjenvinning, skal den ansvarlege for verksemda

a) dokumentere kven som tar imot avfallet
b) dokumentere opplysningar fra mottakaren om korleis avfallet blir gjenvunne
c) opplyse mottakaren om innhald i avfallet

9.17.2 Dokumentasjon av behandla massar

Forureina massar kan, jf. forureiningslova § 27, opphøyre å vere avfall når dei som minimum:

1. har gjennomgått gjenvinning,
2. er alminneleg brukt til bestemte formål,
3. kan omsettast i ein marknad eller er gjenstand for etterspørsel,
4. innfrir dei tekniske krava som følger av dei aktuelle bruksområda og eventuelle produktkrav og -standarder, og
5. ikkje medfører nemneverdig høgare risiko for helseskade eller miljøforstyrring enn tilsvarende gjenstander og stoff som ellers kunne blitt brukt.

Samtlege kriterium 1-5 skal vere oppfylt. Bedriften skal vurdere om dei behandlede massane ikkje lenger skal anses som avfall. Vurderingane skal vere dokumentert.

For reinsa massar som skal gjenbrukast, slik at dei erstattar jomfruelege jord- og steinmassar, må bedriften dokumentere følgande:

- Masser skal tilfredsstille normverdier for reine masser, jf. forureiningsforskrifta kapittel 2, vedlegg 1.
- Massene skal ikkje innehalde nivå av prioriterte miljøgifter, jf. vedlegg 1, av miljømessig betydning.

Det er ikkje tillate å fortynne avfall med hensikt å komme under grenseverdiar. Forureiningsgraden i massane som er behandla skal dokumenterast i henhold til eit prøvetakingsprogram slik at ein får konstatert om massane tilfredsstiller krava nemnd over. Målingane skal utførast slik at dei blir representative for dei aktuelle massane. Det skal som minimum testast for dei stoffa massane var forureina med før behandling. Prøvetakingsprogrammet skal vere oppdatert og ta omsyn til resultat frå testing.

Massane skal ikkje innehalde synleg søppel. Eventuelt søppel må fjernes enten i forkant av, eller i forbindelse med vaskeprosessen.

9.18 Eigenprodusert avfall

Bedriften skal ha oversikt over eigenprodusert avfall. Dette omfattar mellom anna sandfangsmasser, kjemikalierester og slam frå oljeutskillar/reinseanlegg, og eventuelle massar som ikkje let seg reinse tilstrekkeleg til at dei tilfredsstiller krava for produkt, jf. punkt 9.17.2, filterkaker frå reinsing av massar, avfall som blir sortert ut frå massane, mv.

Ved handtering av eigenprodusert avfall i eige anlegg skal avfallet registrerast inn over vekt og tas med i eigenrapporteringa til anlegget.

Avfall som oppstår i jordvaskeanlegget skal handterast etter avfallsforskrifta og leverast til behandlingsanlegg eller deponi med løyve til å ta det imot. Avfall etter vaskeprosessen, dvs. filterkaker som består av finpartiklar med partikkelstorleik under 0,063 mm, må basiskarakteriserast og testast, jf. avfallsforskrifta kapittel 9, vedlegg II før dei blir levert ut frå anlegget. Det er ikkje tillate å fortynne avfall med hensikt å komme under grenseverdiar.

10 Deponi for eige avfall

Verksemda har deponi som er regulert i eige løyve.

11 Utsleppskontroll og rapportering til Statsforvaltaren

11.1 Kartlegging av utslepp

Bedrifta plikter å kartleggje verksemda sine utslepp til luft og vatn på ein systematisk måte. Dette gjeld både diffuse utslepp og punktutslepp. Bedrifta skal leggje denne kartlegginga til grunn for utarbeiding av eit program for utsleppskontroll (punkt 11.4).

Særskilte krav til utgreiing av utslepp er sett i punkt 14.

11.2 Utsleppskontroll

Verksemda skal kontrollere og dokumentere utsleppa til luft og vatn ved å gjennomføre målingar. Målingane skal omfatte volumstraumsmåling, prøvetaking, analyse og berekning.

Målingane skal utførast slik at dei blir representative for dei faktiske utsleppa frå verksemda og dei skal omfatte:

- utslepp av komponentar som er regulerte gjennom grenseverdiane som fastsette i **Feil! Fant ikke referansekilden.**, 3.2 og 3.3 under punkt 3 i løyvet
- utslepp av komponentar som er regulerte gjennom grenseverdiar som er fastsette i forskrift
- utslepp av andre komponentar som kan ha miljøverknad og difor er omfatta av rapporteringsplikta

Bedrifta skal vurdere usikkerheitsbidraga ved dei ulike trinna i målingane (volumstraumsmåling – prøvetaking – analyse – berekning) og velje løysingar som reduserer den totale usikkerheita til eit akseptabelt nivå. For alle målingar skal det vere ein prøvetakingsfrekvens som sikrar representative prøver.

11.3 Kvalitetssikring av målingane

Bedrifta er ansvarleg for at måleutstyr, metodar og gjennomføring av målingane er forsvarleg kvalitetssikra mellom anna ved å:

- utføre målingane etter Norsk Standard. Dersom det ikkje finst, kan internasjonal standard nyttast. Verksemda kan nytte andre metodar enn norsk eller internasjonal standard dersom særlege omsyn tilseier det. Bedrifta må i slike tilfelle kunne dokumentere at særlege omsyn ligg føre, og at metoden som er vald, gir representative tal for verksemda sine faktiske utslepp
- bruke akkrediterte laboratorium/tenester når volumstraumsmåling, prøvetaking og analyse blir utført av eksterne. Tenesteytaren skal vere akkreditert for den aktuelle tenesta, dersom slik tenesteytar finst
- jamleg vurdere om plassering av prøvetakingspunkt, val av prøvetakingsmetodar og -frekvensar gir representative prøver
- jamleg utføre kontroll av og kalibrere måleutstyr

11.4 Program for utsleppskontroll

Bedrifta skal ha eit program for utsleppskontroll som inngår i verksemda sin dokumenterte internkontroll.

I programmet skal bedrifta gjere greie for dei kartlagde utsleppa (punkt 11.1 første avsnitt), gjennomføringa av utsleppskontrollen (punkt 11.2) og kvalitetssikring av målingane (punkt 11.3).

Programmet for utsleppskontroll skal innehalde:

- ei utgreiing av dei faktiske utsleppa verksemda har til luft, vatn, og støy, med ei oversikt over volum og innhald i alle utsleppstraumar, til luft og vatn
- ein omtale av dei ulike trinna i målingane (volumstraumsmåling – prøvetaking – analyse – berekning) for kvar straum og komponent
- ein omtale av måleutstyr som blir brukt til målingar, og frekvensar for kontroll og kalibrering av måleutstyret
- ei grunngiving for val av prøvetakingspunkt og prøvetakingsmetodikkar (metodar og frekvens)

- ein omtale av valde metodar/standardar for analyse
- ei utgreiing av kva usikkerheitsbidrag dei ulike trinna gir

Programmet for utsleppskontroll skal haldast oppdatert.

11.5 Rapportering til Statsforvalteren

Innan 1. mars kvart år skal bedrifta rapportere miljødata og eventuelle avvik for året før via www.altinn.no. Miljødata omfattar mellom anna produksjonsmengder, avfallsmengder, energiforbruk og resultat frå utsleppskontroll. Rapportering skal skje i samsvar med Miljødirektoratet si rettleiing til verksemda si eigenrapportering, sjå www.miljødirektoratet.no. For aktivitetar der det ikkje er skjema for rapportering på www.altinn.no skal det rapporterast i eigen rapport eller på skjema utarbeidd av Statsforvaltaren.

Bedrifta skal saman med den årlege eigenkontrollrapporteringa sende avfallsrekneskap som viser ein oversikt over alt avfall som er mottatt, lagra, behandla og/eller sendt vidare.

12 Miljøovervaking

12.1 Overvaking av resipientar

Bedrifta skal syte for overvaking av moglege miljøeffektar av avfallsanlegget i samsvar med eit overvakingsprogram. Dette gjeld også moglege effektar på luft, grunn, vatn og sediment i den grad dette er aktuelt.

Oppdatert overvakingsprogram skal sendast til Statsforvaltaren for eventuelle merknadar innan 1. mars 2026 og ved seinare ved endringar.

12.2 Overvaking etter vassforskrifta

Verksemda skal sørgje for overvaking av effektar av alle utslepp frå avfallsanlegget i samsvar med eit overvakingsprogram. Overvakinga kan gjerast saman med overvakinga av utslepp av sigevatn frå deponiet, jf. Løyve etter forureiningslova til NGIR for deponering av avfall på Kjevikdalen avfallsdeponi i Lindås kommune datert 29. juni 2009.

Data som blir framskaffa ved overvaking i vatn, inklusiv sediment og biota, skal registrerast i databasen Vannmiljø. Data skal leverast på importformatet til Vannmiljø, som er å finne på http://vannmiljokoder.miljodirektoratet.no. Her finst også oversikt over kva for informasjon som skal registrerast i samsvar med Vannmiljø sitt kodeverk.

Statsforvaltaren vil regelmessig vurdere om det er nødvendig med endra krav til overvaking i vassresipient i tråd med krav i vassforskrifta for tiltaksorientert overvaking. Statsforvaltaren kan pålegge bedriften å delta i eit samarbeid med andre aktørar i overvakingsprogram som er relevante for den påverknad verksemda eventuelt påfører resipienten.

12.3 Overvaking av grunn og grunnvatn

Verksemda skal innan 01.03.2026 sende inn ein langtidsplan for vedlikehald av dekker på område der det i tilstandsrapporten laga i 01.07.2019 er identifisert at det kan ha vore utslepp til grunnen, og fjerning av eventuelle underliggande forureina massar i samband med vedlikehaldsarbeidet. Planen må vise:

- Korleis vedlikehald skal gjennomførast slik at alle dekker til einkvar tid er tilstrekkelg tette
- Korleis prøvetakinga av grunnen skal gjennomførast og parametrar som skal analyserast
- I dei tilfeller der analysane viser overskriding av normverdi for forureina grunn, skal det lagast ein tiltaksplan for handtering av massane som må godkjennast av Statsforvaltaren. Krav om tiltaksplan ved oppdaga forureining må også innarbeidast i planen.

Utover ovanståande har ikkje verksemda krav om overvaking av grunn og grunnvatn under avfallsanlegget unntatt deponiet. Dersom det vert planlagt å endre handteringa av relevante stoff og stoffblandingar slik at risikoen for forureining av grunn og grunnvatn kan auke i forhold til tilstandsrapport av 01.07.2019, skal bedrifta informere Statsforvaltaren. Bedrifta kan da bli pålagt å sørge for overvaking av grunn og grunnvann.

13 Tiltak for førebygging og beredskap mot akutt forureining

13.1 Miljørisikoanalyse

Bedrifta skal gjennomføre ein miljørisikoanalyse av verksemda si. Bedrifta skal vurdere resultata med tanke på akseptabel miljørisiko. Potensielle hendingar som kan føre til akutt forureining av vatn, grunn og luft, skal kartleggast. Miljørisikoanalysen skal dokumenterast og han skal omfatte alle forhold ved verksemda som kan føre til akutt forureining med fare for helse- og/eller miljøskadar inne på området til verksemda eller utanfor. Ved endra produksjonsforhold skal miljørisikoanalysen oppdaterast.

Risikoanalysen skal ta omsyn til ekstremvêr, flom etc. og framtidige klimaendringar.

Bedrifta skal ha oversikt over miljøressursar som kan bli råka av akutt forureining og dei helse- og miljømessige konsekvensane slik forureining kan føre til.

13.2 Førebyggjande tiltak

Med grunnlag i miljørisikoanalysen skal bedrifta, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader, setje i verk dei tiltaka som er nødvendige for å redusere miljørisikoen til eit akseptabelt nivå. Dette gjeld både sannsynsreduserande og konsekvensreduserande tiltak. Bedrifta skal ha ei oppdatert oversikt over dei førebyggjande tiltaka.

13.3 Beredskap

Dersom dei førebyggjande tiltaka ikkje har redusert miljørisikoen til eit akseptabelt nivå, må bedrifta utarbeide ein beredskapsplan med utgangspunkt i miljørisikoanalysen i 13.1.

13.3.1 Beredskapsanalyse

Med grunnlag i miljørisikoanalysen skal bedrifta utarbeide ein beredskapsanalyse for restrisiko som gjenstår etter at førebyggjande tiltak er sette i verk. For kvar av hendingane som utgjer restrisiko skal bedrifta utarbeide og grunngi:

a. organisering av beredskapen
b. nødvendig beredskapsutstyr
c. nødvendig mannskap
d. responstid

Beredskapen skal stå i eit rimeleg forhold til risiko for akutt forureining.

13.3.2 Beredskapsetablering

Basert på beredskapsplanen skal det etablerast ein beredskapsorganisasjon med mannskap og nødvendig utstyr. Kompetanse, opplæring og organisering skal vere dimensjonert for dei potensielle hendingane som er vurderte til å utgjere størst miljørisiko.

13.3.3 Beredskapsplan

Miljørisikoanalyse, beredskapsanalyse, førebyggjande tiltak og beredskapsetablering skal dokumenterast i ein beredskapsplan som er ein del av verksemda sin internkontrolldokumentasjon.

Beredskapsplanen skal som et minimum omtale den etablerte beredskapens organisering, bemanning, innsatsutstyr og personleg utstyr og angi innsatsplanar for dimensjonerande scenario.

Beredskapsplanen skal haldast oppdatert og kunne visast fram ved behov.

13.3.4 Øving av beredskap

Det skal utarbeidast ein plan for å øve på beredskapen, og det skal gjennomførast øving minst ein gong per år. Det skal utarbeidast klare mål for øvinga, inkludert mål for responstid. Øvinga skal dokumenterast i rapportar, med eventuelle tilrådingar om utbetringar. Korleis eventuelle tilrådingar om utbetringar er følgde opp, skal vere dokumentert i internkontrollen.

13.4 Varsling av akutt forureining

Akutt forureining eller fare for akutt forureining skal varslast i samsvar med gjeldande forskrift[8]. Bedrifta skal også så snart som mogleg melde frå til Statsforvaltaren gjennom sfvlpost@statsforvalteren.no i slike tilfelle.

14 Undersøkingar og utgreiingar

14.1 Utgreie utslepp til vatn frå avfallsanlegget unntatt deponiet

Bedrifta skal kartleggje innhald av forureining inkludert prioriterte miljøgifter i vasstraumar på avfallsanlegget inkludert jordvaskeanlegget ved å

- kartleggje alle vasstraumar som kan innehalde forureining
- talfeste storleiken for kvar vass-straum
- identifisere kva for stoff, inkludert prioriterte miljøgifter, desse vass-straumane kan innehalde. Bedrifta skal utføre nødvendige målingar for å kunne bestemme innhald av dei ulike stoffa i kvar vass-straum
- gjennomføre ei miljørisikovurdering av utslepp frå desse vass-straumane og lage ein handlingsplan for å redusere risikoen.

Handlingsplanen skal ta utgangspunkt i bruk av best tilgjengeleg teknikk for avfallshandtering.

Utgreiinga skal sendast til Statsforvaltaren innan 1. mars 2026.

[8] Forskrift om varsling av akutt forurensning eller fare for akutt forurensning av 09.07.1992, nr. 1269

14.2 Utgreie handtering av ulike vasstraumar frå avfallsanlegget unntatt deponiet og jordvaskeanlegget

Bedrifta skal på bakgrunn av kartlagte vasstraumar på anlegget, vurdere om separat handtering av dei ulike vass-straumane på anlegget vil føre til redusert utslepp.

Utgreiinga skal omfatte

- vurdere kva for vasstraumar som bør handterast separat
- vurdere behov for separat reinsing av dei ulike vass-straumane og type reinsing
- anslå forventa reduksjon i utslepp som følgje av separat handtering og reinsing
- oversikt over tiltak og kostnadar ved separering av vasstraumar og nye reinseløysingar

Tiltaka skal ta utgangspunkt i bruk av best tilgjengeleg teknikk for avfallshandtering.
Utgreiinga skal sendast til Statsforvaltaren innan 1. mars 2026.

14.3 Krav til utgreiing ved vasking av nye avfallstypar og typar forureining

Før oppstart av normal drift ved jordvaskeanlegget for ein avfallstype innanfor rammene i vedlegg 2, skal bedriften gjennomføre ein testperiode for ulike typar avfall og forureining. På bakgrunn av dokumentasjon frå testperioden vil Statsforvaltaren vurdere om det er nødvendig å endre mengde og type avfall som kan tas i mot på anlegget.

Prøveperiode fase 1
I første fase av prøveperioden skal mottak, testing og dokumentasjon avgrensast til eit og eit prosjekt om gongen. I denne perioden skal verksemda teste og dokumentere reinsemetoden og korleis anlegget taklar ulike typar forureiningar, inkludert prioriterte miljøgifter og oljeforureining, samt reinseeffekten på dei typar masser som det er planlagt å ta imot ved anlegget.

Prøveperiode fase 2
Når prøveperiode 1 er ferdig skal det testast om anlegget fungerer ved mottak av avfall frå fleire typar prosjekt samtidig og normal belastning. I denne delen av testperioden skal det testast og dokumenterast om anlegget fungerer når det blir belasta med mykje avfall samtidig og desse inneheld mange typar forureiningar.

Krav til dokumentasjon i prøveperioden

- **Massane si forureiningsgrad etter vask** skal dokumenterast slik: Dokumentasjon av massar under 4 mm skal skje ved analyse av innhald av forureining, medan det for masser over 4 mm som minimum skal dokumenterast ved at dei ikkje har synleg forureining på overflata. Prøvetaking skal vere representativ. I fase 1 skal det for kvar avfallstype/prosjekt/type forureining tas minst ein prøve for kvart 100 tonn. Det skal som minimum analyserast på As, Cd, Cr, Cu, Pb, Hg, Ni, Zn, PCB, PAH16, BTEX og olje. Dersom det er mistanke om innhald av PFAS skal dette også analyserast. I tillegg skal det vurderast om massane kan vere forureina med andre stoff som det også må analyserast på. Bedriften skal vurdere behovet for analyse av eventuelle tilleggsparametere før mottak av avfall fra eit nytt prosjekt startar.
- **Massane si forureiningsgrad før vask:** I fase 1 skal massane si forureiningsgrad før vask dokumenterast på samme måte som for vaska massar. I fase 2 må bedriften sjølv vurdere prøvetakingsfrekvens for massar som kjem inn til anlegg. Prøvetakinga må vere representativ.

- **Prosessvatn:** I prøveperioden må det tas minimum mengdeproporsjonale døgnblandprøver av vatn som går inn i og ut av reinseanlegget. Prøvane må fordelast slik at prøvetakinga blir representativ for kvart av prosjekta i prøveperioden. Prøvane skal som minimum analyserast på stoffa i Tabell 3. i punkt 0, samt eventuelle andre relevante parametere.
- **Avrenning frå vaska massar:** Innhald av forureining i vatn som renn av frå vaska massar skal analyserast for dei same parametrar som for massane. Prøvetakinga skal vere representativ.
- **Rapportering:** Innan 4 veker etter at prøveperioden er avslutta skal verksemda sende rapport til Statsforvalteren som minst skal omfatte:
    - oppsummering og vurdering av dei ulike fasene av prøveperioden. Bedriften må vurdere effekten av reinseanlegget, inkludert ei vurdering av om det er nokre typar forureining som anlegget ikkje er eigna til å behandle, eventuelt om det er behov for å supplere anlegget med nye reinsetrinn.
    - justert prøvetakingsprogram for normal drift
    - om det er behov for tiltak for å sikre drift i tråd med vilkåra i løyvet

15 Eigarskifte, omdanning mv.

Dersom det driftsansvarlege selskapet blir overdregen til ny eigar eller driftsansvaret blir overført til anna selskap, skal bedrifta sende melding til Statsforvaltaren så snart som mogleg og seinast ein månad etter eigarskiftet.

16 Nedlegging

Dersom eit anlegg blir nedlagt eller ei verksemd stansar for ein lengre periode, skal eigaren eller brukaren gjere det som til ei kvar tid er nødvendig for å motverke fare for forureining. Dersom anlegget eller verksemda kan føre til forureining etter nedlegginga eller driftsstansen, skal bedrifta i rimeleg tid på førehand melde frå til Statsforvaltaren.

Statsforvaltaren kan fastsetje nærare kva tiltak som er nødvendig for å motverke forureining. Statsforvaltaren kan påleggje eigaren eller brukaren å stille ytterlegare garanti for dekning av framtidige utgifter og mogleg erstatningsansvar. Sikring/garanti som alt er stilt i samsvar med løyvet løper vidare til Statsforvaltaren etter søknad frå det driftsansvarlege selskapet eller eigar godkjenner reduksjon og/eller bortfall av slik sikring.

Ved nedlegging eller stans skal bedrifta sjå til at råvarer, hjelpestoff, halvfabrikat eller ferdig vare, produksjonsutstyr og avfall blir teke hand om på forsvarleg måte, inkludert at farleg avfall blir handtert i samsvar med gjeldande forskrift[9]. Dei tiltaka som blir sette i verk ved slike høve, skal rapporterast til Statsforvaltaren innan 3 månader etter nedlegging eller stans. Rapporten skal også dokumentere korleis kjemikalierestar og ubrukte kjemikal har vorte disponerte. Han skal også innehalde namn på eventuell(e) kjøpar(ar).

Ved nedlegging av ei verksemd skal den ansvarlege sjå til at driftsstaden blir sett i tilfredsstillande miljøstand innan 1 år.

Bedrifta skal også for nedleggingsåret rapportere miljødata og eventuelle avvik via altinn.no, jf. punkt 11.5.

[9] Avfallsforskriften kapittel 11 om farlig avfall

Dersom det er ønskjeleg å starte verksemda på nytt, skal bedrifta melde frå til Statsforvaltaren i god tid før planlagt oppstart.

17 Tilsyn

Bedrifta pliktar å la representantar for Statsforvaltaren eller andre som har styresmakt, føre tilsyn med verksemda til ei kvar tid.

Vedlegg 1 Liste over prioriterte miljøgifter

Liste over prioriterte miljøgifter, jf. punkt 2.1.

Utslepp av desse komponentane er berre omfatta av løyvet dersom dette går uttrykkeleg fram av vilkår i punkt 3 til 14.

Metall og metallsambindingar:

	Forkortingar
Arsen og arsensambindingar	As og As-sambindingar
Bly og blysambindingar	Pb og Pb-sambindingar
Kadmium og kadmiumsambindingar	Cd og Cd-sambindingar
Krom og kromsambindingar	Cr og Cr-sambindingar
Kvikksølv og kvikksølvsambindingar	Hg og Hg-sambindingar

Organiske sambindingar:

Bromerte flammehemmarar	**Vanlege forkortingar**
Penta-bromdifenyleter (difenyleter, pentabromderivat)	Penta-BDE
Okta-bromdifenyleter (defenyleter, oktabromderivat)	Okta-BDE, octa-BDE
Deka-bromdifenyleter (bis(pentabromfenyl)eter)	Deka-BDE, deca-BDE
Heksabromcyclododekan	HBCDD
Tetrabrombisfenol A (2.2`,6,6`-tetrabromo-4,4`isopropyliden difenol)	TBBPA

Klorerte organiske sambindingar	
Dekloran pluss (syn og anti isomere former)	DP (syn-DP, anti DP)
1,2-Dikloretan	EDC
Klorerte dioksin og furan	Dioksin, PCDD/PCDF
Heksaklorbenzen	HCB
Kortkjeda klorparafin C_{10} - C_{13} (kloralkan C_{10} - C_{13})	SCCP
Mellomkjeda klorparafin C_{14} - C_{17} (kloralkan C_{14} - C_{17})	MCCP
Klorerte alkylbenzen	KAB
Pentaklorfenol	PCF, PCP
Polyklorerte bifenyl	PCB
Triklorbenzen	TCB
Tetrakloreten	PER
Trikloreten	TRI
Triklosan (2,4,4'-Triklor-2'-hydroksydifenyleter)	TCS
Tris(2-kloretyl)fosfat	TCEP

Enkelte tensid	
Ditalg-dimetylammoniumklorid	DTDMAC
Dimetyldioktadekylammoniumklorid	DSDMAC
Di(hydrogenert talg)dimetylammoniumklorid	DHTMAC

Nitromusksambindingar
Muskxylen

Alkylfenolar og alkylfenoletoksylat	
Nonylfenolar og nonylfenoletoksilat	NF, NP, NFE, NPE
Oktylfenolar og oktylfenoletoksilat	OF, OP, OFE, OPE
4-heptylfenolar (forgreina og rettkjeda)	4-HPbl
4-tert-pentylfenol	4-t-PP
4-tert-butylfenol	4-t-BP

Dodecylfenol m. isomerar	DDP
2,4,6 tri-tert-butylfenol	TTB-fenol

Per- og polyfluorerte alkylsambindingar (PFAS)	
Perfluoroktansulfonsyre (PFOS), inkl. salt av PFOS og relaterte sambindingar	PFOS, PFOS-relaterte sambindingar
Perfluorheksansulfonsyre (PFHxS), inkl. salt av PFHxS og relaterte sambindingar	PFHxS, PFHxS-relaterte sambindingar
Perfluorobutansulfonsyre (PFBS), inkl. salt av PFBS og relaterte sambindingar	PFBS, PFBS-relaterte sambindingar
Perfluoroktansyre	PFOA
Perfluorheksansyre	PFHxA
2,3,3,3-tetrafluoro-2-(heptafluoropropoksy)propionsyre	HFPO-DA
Langkjeda perfluorerte karboksylsyrer C9-PFCA – C14-PFCA	PFNA, PFDA, PFUnDA, PFDoDA, PFTrDA, PFTeDA

Tinnorganiske sambindingar	
Tributyltinnsambindingar	TBT
Trifenyltinnsambindingar	TFT, TPT
Dibutyltinnsambindingar	DBT
Dioktyltinnsambindingar	DOT

Polysykliske aromatiske hydrokarbon	**PAH**

Ftalat	
Dietylheksylftalat (bis(2-etylheksyl)ftalat)	DEHP
Benzylbutylftalat	BBP
Dibutylftalat	DBP
Diisobutylftalat	DIBP

Bisfenol A	**BPA**

Siloksan	
Dodekamethylsykloheksasiloksan	D6
Dekametylsyklopentasiloksan	D5
Oktametylsyklotetrasiloksan	D4

Organiske UV-filter	
2-Benzotriazol-2-yl-4,6-di-tert-butylphenol	UV-320
2,4-di-tert-butyl-6-(5-chlorobenzotriazol-2-yl)phenol	UV-327
2-(2H-benzotriazol-2-yl)-4,6-ditertpentylphenol	UV-328
2-(2H-Benzotriazol-2-yl)-4-(tert-butyl)-6-(sec-butyl)phenol	UV-350
3-benzylidene-1,7,7-trimethylbicyclo[2.2.1]heptan-2-one	3-BC

Vedlegg 2 – Oversikt over avfallstypar, aktivitetar, mengder og lagringstider

Tabell 1: Avfallstypar som kan takast imot og mengder som til ei kvar tid kan lagrast:

Avfallsstoff-nummer	**Avfallstype**	**Mengde (tonn)** som til ei kvar tid kan lagrast	**Maksimal lagringstid**
9911 9912	Blanda/ikkje sortert ordinært avfall frå næring og hushald	Ikkje særskilt regulert, inngår i maksimal samla mengde på anlegget på 15 000 tonn	6 dagar
9914	Sorteringsrestar: eigenprodusert restavfall etter sortering		
1111	Kjøken- og matavfall frå stor- og småhushald		
1200-2300, unntatt 1601-1606 og 1671-1699	Sortert ordinært avfall frå næring og hushald		6 månader
9913	Utsortert brennbart avfall: plastemballert avfallsbrensel		
1611, 1612, 1614	Betong		
1619	Asfalt		
1613	Tegl og takstein		
6003	Smittefarleg avfall*		
1131	Hageavfall		
1141, 1142, 1149	Ordinært trevirke		
1143	Kverna ordinært trevirke (treflis)	2 000 tonn	14 dagar
7000	Farleg avfall	100 tonn	6 månader
7098	Impregnert trevirke	75 tonn	
2411, 2421 og 2441	Kasserte køyretøy	45 tonn	
2431	Kasserte fritidsbåtar opp til 15 meter	30 tonn	
1126	Ferdig kompost av avløpsslam	7500 tonn	Til bruk i samsvar med avslutningsplanen til deponiet
1601	Reine gravemassar	5500 tonn	12 månader
1603	Lett forureina massar: Jord, stein og grus som oppfyller kriterier for mottak på deponi for inert avfall, sjå avfallsforskrifta kapittel 9, vedlegg II punkt 2.1	5 000 tonn	
1604	Forureina massar: Jord, stein og grus m.m. som er forureina, men ikkje klassifisert som farleg avfall.		
1604	Eigenprodusert filterkake	500 tonn	

***** I form av stikkande og skjerande frå legekontor, sjukeheimar og liknande.

Tabell 2: Tillatne avfallstypar, avfallsmengder og behandlingsmåtar:

Avfallsstoff-nummer	**Avfallstype**	**Årleg mengde (eining/år)**	**Behandlingsmåtar**
9911 9912	Blanda/ikkje sortert ordinært avfall frå næring og hushald	49 500 tonn	Sortering, lagring, kverning og omlasting
9914	Restavfall etter sortering		Lagring
1111	Kjøken- og matavfall frå stor- og småhushald		Omlasting og lagring
1200-2300, unntatt 1601-1606 og 1671-1699	Sortert ordinært avfall frå næring og hushald		Sortering og lagring
9913?	Plastemballert avfallsbrensel		Lagring
1611, 1612, 1614	Betong		Knusing og lagring
1619	Asfalt		Knusing og lagring
1613	Tegl og takstein		Knusing og lagring
6003	Smittefarleg avfall *		Lagring
1131	Hageavfall		Kverning og lagring
1141, 1142, 1149	ordinært trevirke		Kverning og lagring
1143	kverna ordinært trevirke (treflis)		Lagring
7000	Farleg avfall unntatt impregnert trevirke		Sortering og lagring
7098	Impregnert trevirke	3000 tonn	Grovkverning og lagring
2411, 2421 og 2441	Kasserte køyretøy	1350 tonn	Sortering, miljøsanering, pressing og lagring
2431	Kasserte fritidsbåtar opp til 15 meter	150 tonn	Miljøsanering og lagring
1126	Ferdig kompost av avløpsslam	0	Lagring
1601	Reine gravemassar	50 000 tonn	Jordvaskeanlegg** sortering og lagring
1603	Lett forureina massar: Jord, stein og grus som oppfyller kriterier for mottak på deponi for inert avfall, sjå avfallsforskrifta kapittel 9, vedlegg II punkt 2.1	100 000 tonn	
1604	Forureina massar: Jord, stein og grus m.m. som er forureina, men ikkje klassifisert som farleg avfall.		

***** I form av stikkande og skjerande frå legekontor, sjukeheimar og liknande.

****** Før normal drift forutsettes det at er sendt inn dokumentasjon etter testperioden på at anlegget kan behandle den aktuelle avfallstype og type forureining, jf. pkt 14.3.